



Gutelaget i 1982 på Norway Cup. Bak f.v. Stig Gjerde (trenar), Asbjørn Sivertsen, Jan Rune Kalsvik, Alf Øverland, Joar Årøen, Geir Sande, Tor Hjalte, Frank Midtbø og Arne Petter Grindheim (reiseleiar). Framme f.v. Roger Mulelid, Bjørn Gunnar Rosvoll, Frode Bremnes, Jan Helge Førde, Dag Ripe, Frank Ryland, Stig Bell og Knut Eikeland.

Olsen, Ole Martin Sagengen, Bjørn Svarstad og Kurt Volle. Dette smågutelaget kom og til 8. delsfinalen i Sunnmørs Cup, der og lilleputtlaget trena av Alf Førde deltok. Gutelaget, med Stig Gjerde som trenar, deltok i Norway Cup der dei vann pulja si, før dei vart slått ut i 64. delsfinalen av Nordstrand.

Nytt av året var Bremanger Cup for lilleputtar som vart arrangert i Svelgen på hausten med deltaking frå Davik, Bremanger, Ålfoten og Svelgen. I finalen vann Bremanger 1–0 over Svelgen etter scoring eitt minutt på overtid. Knut Eikeland spelte 3 kamper på 1. årgutekrinslaget, medan Stig Bell spelte 3 kamper på smågutekrinslaget.

B-laget gjorde ein kjempesong og vann reservelagsserien 1 poeng føre Vik etter 8 sigrar og 2 tap. Trenar for laget var Einar Gjerde. Laget var dermed klar for to kamper mot Florø om KM-tittelen. På heimebane vart det siger 4–2, medan bortekampen enda 0–0. Dette betydde at Svelgen var krinsmeister for andre gong i historia uansett klasse. Følgjande spelarar vart krinsmeistrar: Øyvind Grindheim, Arild Mundal, Arne Petter Grindheim, Dag Eikeland, Roald Førde, Ragnfred Ommedal, Jørn Dyrstad, Per Ragnar Jensen, Geir Gjerde, Alf Førde, Ove Fanøy, Helge Robert Midtbø, Audun Langedal, Knut Hollekim og Knut Sande. På årsmøtet i Fotballgruppa vart det vedteke å fremje ei sak for krinstinget i Fotballkrinsen om at B-laga måtte få vere med i 7. divisjon, då B-lagsserien fungerte dårleg. Dette vart rett nok avslege denne gongen, men i 1995 vart den siste reservelagsserien til Fotballkrinsen

avvikla, og f.o.m. 1996 fekk 2. laga til klubbane delta i det ordinære seriesystemet. Altså 15 år etter at Svelgen fremja det same forslaget.

Trenar for A-laget var framleis Einar Gjerde som no hadde fått med seg Arild Mundal som hjelpetrenar. Terje Førde hadde føre denne sesongen fått tilbod både frå Hødd (nest høgste divisjon) og Eid, men valde å bli i STIF. Roald Nigardsøy frå Bremanger var ny i stallen. I samband med avtala om treningssamarbeid mellom Fotballgruppa og Bjarne Undheim, var Undheim med på å arrangere treningsleir for A-laget på Bryne i tidsrommet 17.–24. juli dette året. Undheim ordna ein gunstig avtale med Jæren Rica Hotell der ein betalte 170 kr pr. person pr. døgn. Reisa gjekk med bussen til Fotballgruppa, og eigenandelen for spelarane var på turen 500 kr. Med på turen var 16 spelrarar, 1 trenar, 1 medisinmann, 1 bussjåfør, 3 koner og 3 barn. Laget trena to gongar dagleg og spelte dessutan 3 treningskamper under opphaldet. Høgdepunktet under turen var då trenaren for Viking, den tidlegare landslagstrenaren Kjell Schou Andreassen, kom til Bryne og leia eine treninga og hadde teori med laget etterpå. Schou Andreassen vart svært imponert over Arild Førde sine ferdigheiter på corner og frispark, og samanlikna desse ferdigheitene med Tom Lund (Norge sin beste spelar på denne tida) sine. I 4. divisjon opna laget sesongen svært godt, og i 4. seriekampen møtte Svelgen Dale. Dale som hadde spela ein kamp meir enn Svelgen, kom til Svelgen med 4 strake sigrar og var storfavoritt. Men Svelgen overraska



Senior B- laget som i 1982 vart krinsmeister, fotografert føre KM-finalen på heimebane mot Florø SK. Bak f.v. Harald Olsen (medisinmann), Ove Fanøy, Geir Gjerde, Helge Robert Midtbø, Terje Førde, Alf Førde, Per Ragnar Jensen og Einar Gjerde (trenar). Framme f.v. Roald Førde, Arne Petter Grindheim, Knut Sande, Jon-Åge Senneset, Jørn Dyrstad og Dag Eikeland. I følgje årsmeldinga til Fotballkrinsen mangla følgjande krinsmeistrar på biletet: Øyvind Grindheim, Arild Mundal, Ragnfred Ommedal, Audun Langedal og Knut Hollekim.

FOTO: FIRDAPOSTEN



A-lagstallen fotografert på den nye grusbana framfor STIF sin andre sesong i 4. divisjon i 1982. F.v. Ragnfred Ommedal, Arild Sande, Geir Gjerde, Asbjørn Svarstad, Arne Petter Grindheim, Terje Førde, Ove Fanøy, Jon-Åge Senneset, Audun Langedal, Øyvind Grindheim, Bengt Lydersen, Knut Hollekim, Olav Rød, Per Ragnar Jensen og Einar Gjerde (trenar).

FOTO: FIRDAPOSTEN

stort og vann heile 3–0 etter mål av Arild Førde, Geir Ask og Asbjørn Svarstad. Dette var einaste gong i historia at STIF slo eit av dei to beste laga i 4. divisjon, eller 3. divisjon som divisjonen vart kalla f.o.m sesongen 1991. Dale tapte seinare opprykket på målskilnaden til Sandane. Serierunda etter, då Svelgen hadde spelt 5 kamper, låg laget på 3. plass på tabellen med 7 poeng etter 3 sigrar, 1 uavgjort og 1 tap. Og det var berre 3 poeng opp til Dale og 2 poeng til Sandane, som begge hadde ein kamp meir spelt. Alt no hadde ein plukka meir poeng enn ein gjorde på ein heil sesong sist ein var oppe i 4. divisjon. Fotballfeberen var igjen på topp i Svelgen. Men på dei resterande 7 kampane på vårsesongen tapte Svelgen 5 og spelte 2 uavgjorte kamper, og ved halvspela serie låg laget på 3. siste plass på tabellen med 9 poeng.

Før siste seriekampen denne hausten hadde Svelgen vunne 2, spelt uavgjort 2 og tapt 5 kamper. Laget slo blant anna Førde 4–2 i Svelgen der unggutane Bo Bell, Roald Førde, Dag Eikeland og Arne Petter Grindheim scora kvar sitt mål. Eikeland og Grindheim debuterte for A-laget i serien i denne kampen då dei kom inn på stillinga 2–2, og det høyrer med til historia at Grindheim scora på sitt første spark på ballen. Sandane, som seinare rykte opp, greidde berre 1–1 i Svelgen der Asbjørn Svarstad scora på ei praktheading, og Sandane scora på ei svært tvilsamt idømt straffe kvarteret før slutt. Den siste kampen gjekk borte mot Høyang som alt var klar for nedrykk til 5. divisjon. Svelgen måtte vinne denne kampen, samtidig som både Haugen og Hornindal måtte tape sine kamper. Hornindal tapte, Haugen vann og Svelgen spelte uavgjort. Dette betydde at Svelgen vart nest sist på tabellen og måtte nok ein gong gå den tunge vegen ned igjen til 5. divisjon etter å ha vore ein sesong i 4. divisjon. Svelgen var i mange av kampane dette året klart best spelemessig, men scora veldig lite mål. Toppscoraren i serien dette året var midtbanespelaren Arild Førde med 5 mål. Så det var tydeleg at Svelgen mangla ein storscorar i form. I Bremanger Cup for seniorar vann Svelgen 4–1 over Bremanger i finalen etter mål av Arild Førde (2), Arne Petter Grindheim og Jørn Dyrstad. Familien Gjerde var sterkt representert på og rundt A-laget denne sesongen. Faren, Einar, var trenar, eldstebroren Geir spelte, medan dei to yngste brødrene, Per Ove og Stig, var engasjerte til å filme kampane med det nye videokameraet til Fotballgruppa. Etter denne sesongen takka Harald Olsen for seg etter å ha vore «medisinmann» for A-laget heilt sidan 1978. Han hadde følgd laget på dei fleste treningskamper, treningsleiarar og seriekamper, og det var ein stor tryggleik å ha han med seg.

I denne viktige siste seriekampen i 4. divisjon mot Høyang spelte trenar Einar Gjerde og medisinmannen Harald Olsen frå start. Dei var rett nok på bana berre i eitt lite minutt, dette for at «reservane» Arne Petter Grindheim og Ove Fanøy skulle få lov til å starte for B-laget i kampen som skulle gå rett etterpå, der B-laget kjempa for å vinne serien. Reglane var slik at to av spelarar som starta i A-kampen, kunne spele B-kampen, pluss dei to reservane som vart bytta inn i A-kampen. Så i denne viktige B-kampen spelte nok 4 av A-lagsspelarane som spelte

det meste av A-kampen. I desse åra var det berre lovleg å sette inn to reservar. B-laget vann kampen 3–1 i det som vart karakterisert som ein knokkelkamp.

Geir Ask var den første seniorspelaren som passerte 100 scora mål for A-laget. «Asken» var toppscorar for A-laget i 77, 79 og 80. Han debuterte for A-laget i 1975 og f.o.m. det året og t.o.m. 1982 scora han følgjande antal mål for A-laget: 5, 12, 23, 8, 17, 15, 17 og 7 i 1982. Sesongen 1983 spelte han for Bremanger, før han var tilbake og spelte for Svelgen for «halv maskin» i sesongen 1984 og scora då 2 mål. Totalt scora han 106 mål for A-laget og var med det nr. 5 på den statistikken ved inngangen til år 2000. Desse måla inkluderte også mål scora i trenings- og turneringskamper. Denne sesongen spelte A-laget heile 45 kamper. Så mange kamper hadde laget aldri vore i nærlieken av å spele til denne tid. Av desse var 22 seriekamper, 19 treningskamper og 4 turneringskamper. Arild Førde spelte 42 av desse + 4 B-kamper. Etter denne sesongen prøvespelte Arild Førde for Sogndal i ein treningskamp mot Stryn. Her scora han 2 mål.


1983

Terje Nysted vart igjen vald til formann i Fotballgruppa, men han reiste frå bygda i april, og då overtok Terje Førde som formann. Ein var dette året nede i 6 påmelde lag i seriane. Men det vart for første gong starta ein lokal miniputtserie. Utgiftene og inntektene passerte for første gong 300 000 kroner. Bussen hadde også dette året vist seg å vere svært nyttig for Fotballgruppa, men han var i ferd med å bli svært dyr i drift og han var nok også litt for stor til å reise rundt med berre eit lag i. Ein hadde dette året utgifter på 28 000 kr på bussen, og på årsmøtet i STIF fremja Fotballgruppa forslag om at Hovudstyret skulle kjøpe ein nyare og mindre buss. Dette vart det sett av 20 000 kr på budsjettet til, men noko meir skjedde ikkje med denne sakha dette året. Fotballgruppa vart føre dette året omorganisert, og ein hadde no fått ulike nemnder med fleire personar som medlemar, og der leiarane i nemndene var medlemar av styret i Fotballgruppa. Per Åge Bueie var formann i tiltaksnemnda som skulle stå for dei inntektsbringande tiltaka i gruppa, samt at dei hadde ansvaret for utstyret som Fotballgruppa eigde. Fotballgruppa inngjekk avtale med Svelgen Hotell v/direktør Jacobsen om at Fotballgruppa skulle stille med vakter når det var arrangement på Hotellet. Ein fekk 300 kr pr. kveld. For første gong tok gruppa på seg å dele ut telefonkatalogar for Televerket. Denne jobben hadde Fotballgruppa fram til år 2000. Fotballgruppa føretok og flyttinga av biblioteket frå ei avdeling til ei anna på rådhuset. Primus motor her var Einar Gjerde og inntekta vart 4300 kr. Jan Hessvik var formann i banenemnda og hadde 20 medlemar som hjelpte til med dette arbeidet. Det var også ei eiga nemnd for aldersbestemte klassar der Ragnfred Ommeland var formann. Ommedal var og oppmann for alle dei aldersbestemte laga. Denne nemnda hadde ansvaret for alle laga i aldersbestemt fotball og hadde der jobben med å skaffe trenarar, ferdighetsmerketakinga og sørge for at laga fekk reise

på turneringar. Denne nemnda skulle og arrangere lilleputtturnering, men denne vart avlyst pga. dårlig vær.

Nemnda for aldersbestemt fotball stod og for organiseringa av den lokale miniputtserien, som vart arrangert for første gong. Her deltok Davik, Ålfoten, Sande, Svelgen Sentrum, Langeneset Øst, Langeneset Vest og Kjelkenes. Før serien tok til vart lagleiarane til dei ulike laga kalla inn til eit møte der ein orienterte om reglane for miniputtfotballen. Bl.a. at alle måtte få spele, at lagleiarane måtte oppmuntre spelarane, og at dette skulle vere moro. Serien vart ein sportsleg suksess, og det vart spelt 7 serierundar på våren og 7 på hausten. Dei fleste laga hadde med 2–3 jenter, og alle deltakarane fekk diplom. Denne forma for miniputtfotball med spel på halv bane og små mål, vart for første gong gjort kjent på krinstinget i 1982, og Svelgen var igjen med frå starten. Det var svært få klubbar i fylket som arrangerte slike miniputtseriar. Fotballgruppa hadde kjøpt inn 3 små mål og fekk eit frå Flora–Bremanger Sparebank.

Dette året var det ein stor tvist mellom Fotballgruppa og Bremanger kommune i samband med «Klubben» og kommunen sin nystarta kommunale ungdomsklubb «Realen». Det kom medlemmar i styret i Fotballgruppa for øyre alt i mars 1982 at den kommunale ungdomsklubben hadde planar om å kjøpe inn biljardbord. Fotballgruppa tok så kontakt med kommunen og fekk i stand eit møte 1. april, der det frå kommunalt hold vart gjort klart at aktivitetane til den kommunale ungdomsklubben skulle ligge på sida av «Klubben» til Fotballgruppa. Det vart og gjort klart at det var uaktuelt å kjøpe inn biljardbord då dette var svært dyrt, og då «Klubben» alt hadde eit slikt. På møtet kom det og fram at kommunen ville sørge for å halde møte med Fotballgruppa slik at ein kunne samordne opningstidene. Til trass for dette kjøpte kommunen inn biljardbord og la opningstidene til ungdomsklubben «Realen», som opna tidleg i 1983, på same dag som «Klubben» var open. Då «Realen» opna, gjekk plutselig «Klubben» over frå å vere eit overskotstiltak til å gå med månadleg underskot. Biljardbordet hadde vore hovudattraksjonen på «Klubben», og det var dette som gjorde at «Klubben» bar seg økonomisk. No hadde kommunen for skatbetalarane sine pengar kjøpt inn eit dyrt biljardbord, og let ungdommen på «Realen» spele gratis. Og ein kan jo skjøne desse ungdommane, kvifor skulle dei betale 5 kroner på «Klubben» når dei kunne spele gratis på «Realen». Men at kommunen bevisst skulle øydeleggje den frivillige innsatsen som Fotballgruppa hadde gjort ved å opne denne «Klubben» slik at ungdommen fekk ein plass å vere på fritida, var ved inngangen til år 2000 framleis ei gåte. Dette vart heftig debattert i avisinnlegg mellom formannen i Fotballgruppa, Terje Førde, og personar i kommunen. Ansvarleg for «Klubben» var også dette året Margareth Hjalte, og også dette året vart det nytta vaksne klubbvertar. I september månad vart «Klubben» vaska, reinsa og måla på dugnad. Det vart og skifta duk på biljardbordet, ein omfattande og nøyaktig operasjon som Einar Gjerde var fast organisator for. Fotballgruppa hadde og fått to skap frå Flora-Bremanger Sparebank då desse flytta ut av Rådhuset, og desse vart plasserte i «Klubben» som pokal-



Utmerkingar på fotballfesten for yngre i 1983. På biletet mottar Torgeir Vårdal premie etter å ha vorte kåra til «Årets spelar» på lilleputtlaget. På biletet ser ein også to sentrale personar i Fotballgruppa på 70- og 80-talet: Odd Grindheim som overrekker premien til Vårdal og Ragnfred Ommedal ståande t.h. Grindheim var formann i Fotballgruppa i 4 år på 70- og 80-talet. Ommedal gjorde ein kjempejobb for fotballen i STIF frå tidleg på 70-talet til han døyde så alt for ung i 1984, berre 34 år gammal.

skap. Det vart og kjøpt inn nytt stereoanlegg med høgtalarar, og frå og med opninga etter denne sjauen vart «Klubben» open kvar dag i håp om at den skulle bære seg økonomisk. Likevel vart det totalt sett underskot dette året. Då «Klubben» var open kvar dag vart dei eldste ungdomsskuleelevene og nytta som klubbvertar, og då vart det med ein gong problem med at dei ikkje møtte. Det vart og dårlig rydda, og etterkvart vart det svinn av varer og pengar. Det vart dette året arrangert ei biljardturnering på «Klubben», og vinnar vart Bjarte Solvang, føre John Henry Edvardsen, Svenn Petter Kjerpeset, og Einar Gjerde på 4. plass.

I januar månad dette året kom det brev til Fotballgruppa frå dei to 12 år gamle jentene, Elin Førde og Anett Dyrstad, der dei opplyste om at dei var over 20 jenter som hadde lyst til å spele eller å trenere fotball, men dette var det ikkje tilbod for i Svelgen. Så dei lurte på om Terje Nysted, som formann i Fotballgruppa, kunne vere så venleg å høyre med dei andre i Fotballgruppa sitt styre om dei ikkje kunne få ein trenar og treningsstider. Elin Førde fekk brev tilbake datert 26.1., der Nysted svarte at styret i Fotballgruppa var interessert i at det vart starta jentefotballtrening, og at dette ville bli teke opp på



Lilleputtlaget på Sunnmørs Cup i 1983. Bak f.v. Harald Olsen (reiseleiар), Alf Håøy, Terje Rebni, Allan Dyrstad, Bjørgulf Myklebust, Lars Petter Sundal, Per Kristian Vistnes, Frank Ommedal, Tor S. Vold, Bjørnar Mundal og Odd Grindheim (trenar). Framme f.v. Fredrik Varpe, Trond Hatleset, Inge Hessvik, Erlend Eidsvik, Bård Yri, Torgeir Vårdal, Asbjørn Midthjell og Jan Erik Kjerpeseth.

nest styremøte i Fotballgruppa. I mellomtida kunne dei ta kontakt med Ragnfred Ommedal for å høre om det var ledig tid på treningsbana som ei mellombels løysing. Etterkvart fekk desse jentene Hilde Jenssen og Dagfinn Ask som trenarar. Dei deltok ikkje i serien, men dei trena ein del dette året. Elin Førde vart dessutan den første jenta som spelte på eit av gute-laga til STIF, då ho spelte ein kamp for smågutelaget dette året. I sesongen 2000 vart Jonna Grønstrand frå Finland den første dama som spelte seniorherrekamp for STIF. Dette hende i ein 6. divisjonskamp for Svelgen 2.

Smågutelaget, med Arild Sande og Svenn Petter Kjerpeset som trenarar, var nær ved å vinne serien på våren og dermed kome til 1. divisjon, men det heldt ikkje til slutt. Dei vann derimot 2. divisjon på hausten. Dette smågutelaget deltok og på Sunnmørs Cup i lag med lilleputtlaget som vart trena av Stig Bell, Odd Grindheim og Frank Ryland. Også gutelaget, med Espen Sortevik som trenar, kjempa i toppen i serien på våren. Dei leia serien før siste kampen borte mot Florø. Til denne kampen vart laget sin store spelar, Knut Eikeland, flytta opp i A-lagsstallen. Svelgen tapte knipent 1–2, men med Eikeland på plass hadde laget truleg vunne kampen då han var eit angrep åleine for dette laget. Dette gutelaget fekk seg nok ein nedtur då det for første gong sidan 1978 ikkje vart sendt eit gutelag til Norway Cup. Blant dei ivrigaste spelarane på gutelaget var Roger Mulelid som budde i Mulelida, som på denne tida var utan vegsamband. Etter skuletid tok han skulebussen til Kjelkenes der det gjekk skuleskyssbåt til Mulelida. Dei kveldane

han skulle på fotballtrening i Svelgen, gjekk han sjølv med båt til Kjelkenes, derifrå trøsykla han til treningane i Svelgen. Ved årsskiftet 1983/1984 vart vegen til Mulelida køyrbart, og i 1986 opna vegen vidare til Sørgulen.

Stig Bell spelte 5 krinskamper for 1. årsgutekrinslag dette året. Gutespelaren Knut Eikeland vart toppscorar på gutelaget med 17 mål på 9 kampar, og også toppscorar på senior B-laget med 8 mål på 6 kampar. Han vart og teken opp på A-laget der han scora 10 mål på 15 kampar, her av 4 mål i seriekampane. I tillegg spelte han 9 juniorkamper, men her opplyste ikkje årsmeldinga noko om antal mål. B-laget vart nr. 3 i serien, men berre 1 poeng bak Tornado som vann. Trenarar var Arild Mundal og Knut Fotland. I ein B-kamp på Svelgen stadion tysdag 30. august dette året vann Stryn 2–1 over Svelgen. Terje Førde scora Svelgen sitt mål, medan ein høg, lys spelar med namnet Jostein Flo scora Stryn sine mål.

Hjelpetrenarane dei to siste åra, Arild Mundal og Knut Fotland, hadde no overteke som hovudtrenarar for A-laget som hadde som mål å rykke opp igjen i 4. divisjon. Det vart lagt opp til å hente heim spelarane til helgasamlingar ei helg i månaden. Frå 30.3.–5.4. var A-laget med 14 spelarar, 2 trenarar og 1 medisinmann/keepertrenar på treningsleir til Manchester. Dette var 3. året det var samarbeid med Manchester Steel om treningsleir i denne byen. Under opphaldet i England hadde dei to trenarane, pluss Arild Sande og John Birger Ystebø, invitert spelarane på «Music Evening» med striptease. Det var påmelding i resepsjonen på YMCA (KFUM) Residential, og



Smågutelaget på Sunnmørs Cup i 1983. Bak f.v. Espen Sortevik (bussjåfør), Svenn Petter Kjerpeset (trenar), Karl Standal, Knut Ivar Bremnes, Inge Os, Leo Cirotzki, Knut Kjørslevik, John Martin Langvik, Trygve Olsen, Mads Muri og Arild Sande (trenar). Framme f.v. Dag Vistnes, Jan Ove Rust, Paal Øyvin Frøyen, Jan Ove Grindheim, Bjarne Lunde, Freddy Sørgulen, Petter Sortevik, Freddy Hessvik og Kennet Hessvik.



A-laget i 1983, bak f.v. Knut Fotland (trenar), Arild Sande, Ove Fanøy, Frank Midtbø, Asbjørn Svarstad, Arild Førde, Jon Ivar Eikeland, Roald Nigardsøy, Stig Gjerde, Arne Petter Grindheim og Arild Mundal (trenar). Framme f.v. Roald Førde, Tor Olav Halse, Bjørn Atle Midttun, Jørn Dyrstad, Terje Førde, Dag Eikeland og Geir Gjerde.

FOTO: FIRDAPOSTEN.

samtlege spelarar meldte seg på. Det dei ikkje hadde tenkt på var at det var 1. april denne dagen. Ystebø samla spelarane og fortalte dei at dei som skulle stå for underhaldninga dessverre hadde meldt avbod, men at dei hadde fått tak i ei god erstatning. Då dukka Arild Sande opp berre iført eit lite handkle og opptrådde eit lite øyeblink før han snudde ræva til der det stod skreve: «HA HA». Ein del av spelarane var svært sure då

dei hadde venta seg eit heilt anna syn en dette. Svelgen var under opphaldet representert som tilskodarar på kampane: Liverpool–Sunderland, Bolton–Leeds, Man. Utd.–Coventry og Man. City–Liverpool. Det vart trena to gongar for dagen, og det vart også spela to treningskampar. I 5. divisjon starta Svelgen godt og hadde to sigrar og ein uavgjort etter 3 kampar, før dei fall litt av og låg på 4. plass, 2 poeng etter

opprykksplassen ved halvspela serie. Ved sesongslutt hamna Svelgen på 4. plass, 7 poeng frå opprykk. På haustsesongen knuste Svelgen Florø, som seinare vann 5. divisjon, heile 4–1 i Svelgen. Måla vart scora av Arild Førde (2) og Terje Førde (2). I Bremanger Cup i Svelgen vann Svelgen 9–8 over Ålfoten på straffekonkurranse i innleiande kamp, før Bremanger vart knust 5–0 i finalen. Målscorarar her var: Knut Eikeland (2), Per Ragnar Jensen, Arne Petter Grindheim og Arild Førde. I Bremanger Turneringa i Bremanger vann heimelaget 4–3 over Svelgen i finalen, der svelgaren Geir Ask scora eit av måla for Bremanger. For Svelgen scora Dag Eikeland, Knut Eikeland og Terje Førde. Denne finalen vart spelt på den nye grasbana til Bremanger, som vart teken i bruk denne sommaren.

1984

Rune Amundsen var nyvald formann i Fotballgruppa. Fotballgruppa hadde dette året utgifter og inntekter på nesten 600 000 kroner. Heilt nøyaktig var inntektene på 593 162 kroner og utgiftene på 586 399 kroner. Verken før eller sidan har ein vore i nærleiken av desse summane. På inntektssida skuldast nok dette i hovudsak den store tippegevinsten tippelaget Svelgen Tips gjekk inn med, og at «Klubben» gjekk godt, medan ein på utgiftssida hadde kjøpt ny buss. Formann i tiltaksnemnda var også dette året Per Åge Bueie, og denne nemnda var svært aktiv. Ein hadde dette året to store dugnadsjobbar med maling og beising av Handelslaget, og ein reiv også sørveggen på Handelslaget i samband med at dei utvida mot «Brunosten». Også dette året delte ein ut telefonkatalogar, hadde vaktordning på Hotellet, arrangerte dansar, bingoar og lotteri. Nemnda ordna og med reklameinntektene. I tillegg til dette vart det utarbeidd ein Kommunekalender for 1984–1988. Dette var det Per Åge Bueie som var initiativtakar og drivkrafta bak, og han stod også for det meste av arbeidet med den. Dette var eit oppslagsverk der kommunen som heilskap vart presentert. Her var informasjon om nemnder, utval, næringslivet og dei ulike laga og organisasjonane i Bremanger kommune. Han vart delt ut gratis til alle husstandar i kommunen. Bueie fekk også ros av ordførar Svein Kåre Senneset for dette arbeidet. Kalendaren som kom ut rett over nyttår i 1985, gav 20 000 kr i reklameinntekter.

Dette året vart benkane langs hovudvegen på stadion sett opp slik at tilskodarane fekk sitje meir komfortabelt enn tidlegare, og det vart og kjøpt inn vatningsanlegg for grasbana.

Ragnfred Ommedal sitt tragiske dødsfall, etter at han fall om under ein Old Boys-kamp i Stryn 6. september, gjorde stort inntrykk på folket i fotballmiljøet i Svelgen og i Sogn og Fjordane, og også elles i STIF og Svelgen. Ommedal, som berre vart 34 år gammal, hadde i om lag 15 år lagt ned svært mykke og godt arbeid for Fotballgruppa og elles i STIF. Si første trenaroppgåve tok han på seg i 1971, 21 år gammal. Då trenar han smågutelaget der alle spelarane var nybyrjarar, og dei enda også sist i serien. Dette laget, med Roger Føleide og Rolf Senneset i spissen, vart gradvis betre, og Ommedal følgde dei heilt til dei kom på A-laget i 1976. Høgdepunktet var i 1973 då den

same gjengen framleis var smågutar og vart det første fotballaget i STIF som vann ein serie. Dei vann og sonefinalen mot Eid. I krinsfinalen vart Årdalstangen for sterke, men Ommedal og gutane hadde bevist at Svelgen kunne hamle opp med dei beste i fylket. I 1975, då den same gjengen var gutespelarar, slo Tornado dei med fattige 3 mål i serien, etter at dei enda på same poengsum. Tornado vart seinare krinsmeistrar. Same året tok Ommedal gutane med seg på Norway Cup som det første deltagande lag frå STIF. Dette skulle vise seg å bli starten på ein nesten 20 år lang tradisjon. Ommedal var i åra 1971–1977 trenar for 9 aldersbestemte lag i STIF. Han var og den første jentefotballtrenaren, då han i 1977 trena jentene som ikkje deltok i serien. I 1974 vart Ommedal den første trenaren i STIF som tok B-trenarkurs, i lag med Knut Fotland. To år seinare fekk han som den andre i STIF papir som C-trenar i fotball. I 1975 og 1976 var Ommedal medlem i Gutekomiteen i Fotballkrinsen, og i samband med dette var han trenar og også medlem i uttakingskomiteen for gutekrinslaga desse sesongane. 24 år gammal vart Ommedal i 1974 den yngste trenaren A-laget hadde på 1900-talet. Året etterpå var han ikkje trenar for laget, men han var tilbake i 1976. Då hadde unggutane som han hadde trena sidan 1971, kome opp på laget. For aller første gong vann eit senior A-lag frå STIF serien, og for første gong rykte STIF opp frå lågaste divisjon. Laget gjorde det også svært godt i 5. divisjon året etterpå, og Svelgen rykte nok ein gong opp ein divisjon. På to år hadde laget rykt opp frå 6. til 4. divisjon. I ein periode i løpet av 1976 og 1977 spelte A-laget heile 21 serie- og kvalifiseringskamper utan å tape, her av 19 sigrar og 2 uavgjort. I 4. divisjon 1978 (svarar til 3. divisjon sesongen 2000) vart det for tøft, og laget rykte ned igjen året etterpå. Ommedal var totalt trenar for 16 av STIF sine lag, dei fleste i åra 1971–1978. Ommedal var trenar for Roger Føleide samanhengande frå 1971 til 1978, pluss at han i to år var trenar for han på gutekrinslaget. I følgje Føleide var Ommedal ein trenar som låg langt føre si tid med store kunnskapar om fotball. Føleide hadde i si tid som spelar i norsk toppfotball mange anerkjende trenarar med høgre utdanning enn Ommedal, men det var mykje han lærde av Ommedal som han aldri hørde frå andre trenarar. Ommedal vart og nytta internt i Fotballgruppa til skulering av dei andre trenarane. Berre 24 år gammal vart Ommedal i 1974 vald til formann i Fotballgruppa. Han var den yngste formannen Fotballgruppa hadde på 1900-talet. Her gjorde han ein svært god jobb, slik at han i åra 1975–1977 vart vald til formann i Hovudstyret i STIF. I 1979 vart han vald til formann i byggjenemnda for grusbana på Rise, der Idrettshuset seinare vart plassert. I 1981 stod grusbana ferdig, og det var ein imponerande dugnadsinnsats som låg bak. Det vart lagt ned 900 dugnadstimar på bana, og av desse stod Ommedal åleine for over 500 av desse. I 1980, 1982 og 1983 var Ommedal ansvarleg for den aldersbestemte fotballen i STIF. Her gjorde han og ein svært god jobb og var mellom anna oppmann for alle dei 4–5 aldersbestemte laga desse sesongane. Han var og svært aktiv som fotballdommar og var i åra 1974–1981 aspirantdommar. I 1982 vart han som

Ulovlig tippe- gevinst

AU TRULS SYNNESTVEKTD og PER SVEIN REED (Foto)

BERGEN (VG) — Jeg ble sjokkert da jeg ble innkalt til politiavhør om tippegevinsten. Det sier «tippegeneral» Terje Førde i Svelgen Turn- og Idrettsforening i Sogn og Fjordane.

I fjerde tippeomgang i år fikk tippelaget i Svelgen full klaff. Klubbens tipperekke ble belønnet med 200 000 kroner.

I likhet med handavvis av andre klubber og foreninger i Norge hadde idrettslaget i Svelgen brukt Norsk tipping A/S til å tyile en slankas kasse.



PROBLEM — Her er tippekuponnen som skaffet oss politiet pånakken, sier «tippe-

Det vart store medieoppslag då Fotballgruppa sitt tippelag Svelgen Tips vann nesten 200 000 kr i tipping, og vart politianmeldt fordi ein del av premiepotten gjekk til Fotballgruppa. Avisutklippet frå VG 26/4 – 84 viser Terje Førde med tippekuponnen.

den tredje frå STIF utnemnd som krinsdommar, og i 3 sesongar var han aktiv som dommar i divisjonsfotballen. Når ein i tillegg veit at han var familiemann med kone og to barn, var det utruleg at han fekk tid til alt dette.

Etter underskotet på «Klubben» i 1983 vart det på årsmøtet vald ei eiga nemnd som skulle ta seg av «Klubben». Her var Hilde Jenssen, Svein Arne Sandvik og Magne Føleide medlemmar. I tillegg var Einar og Oddbjørg Gjerde viktige medhjelparar. Det vart stramma inn på kven som fekk låne nøkkelen og sjølvbetjeninga i kassaapparatet. «Klubben» var open kvar dag. Brusautomaten, som tidlegare stod på bensinstasjonen, var no flytta inn på «Klubben», og det var montert inn eit nytt elektronisk spel og eit kronespel frå Røde Kors. Desse fem personane gjorde ein kjempejobb med å få «Klubben» på rett kjøl, og rekneskapet viste eit overskot på 57 000 kr for klubbløkalet. Laurdag 4.2. vann tippelaget Svelgen Tips, som Fotballgruppa stod bak, heile 191 663 kroner i fotballtipping. Dette var svært mykje pengar på denne tida. Tippelaget slo inn med 1 tolvar, 6 elvarar og 15 tiarar, og av gevinsten gjekk 60 000 til Fotballgruppa, medan det resterande gjekk til dei 100 medlemane i tippelaget, som kvar vann i overkant av 1000 kr. Terje Førde var ansvarleg for tippelaget, og det var han som hadde fylt ut tipperekka som slo inn. Då denne tippegevinsten vart omtala i lokalavisene, slo Politikammeret i Florø til og anmeldte tippelaget. Dei meinte at tippelaget gjorde eit lovbro ved å gi ein del av tippegevinsten til Fotballgruppa. Saka fekk stor merksemad og fekk heilsides oppslag i VG, Dagbladet og

Bergens Tidende. I Bergens Tidende og Dagbladet var det eit bilde av styret i Fotballgruppa som vart teke i Sparebanken, der bankfunksjonær Kåre Andersen sat framme med 200 000 i kontantar, medan fotballstyret stod bak eit gitter og illustrerte at dei var i fengsel. Tippelag i Florø SK og Eikefjord IL hadde i fleire år sett inn tipperekkene i Firdaposten rett framfor augene på politimeisteren, men det vart aldri reagert. Dette var 5. året Svelgen Tips hadde tippelag, og når dei først vann så det monna, slo Onkel Politi til og kalla Terje Førde inn til politiavhøyre. Saka vart til slutt lagt vekk, og Terje Førde & co vart frikjende. Politimeister Sandkleven uttalte i Firdaposten at han var sjokkert over mediaomtalen saka fekk og karakteriserte mediaoppstyret som verre enn om det skulle ha vore eit mord.

Denne tippegevisten vart bruk til å kjøpe ny buss til Fotballgruppa. Dette var ein flott grøn Mercedes Benz D 309 som kostar 140 000 kroner. Bussen var 1979-modell og hadde gått 152 000 km. Bussen, som hadde 20 sitteplassar, vart henta 25. august frå Borg Bilsenter i Sarpsborg av Tor Olav Halse. Fotballgruppa tok også opp eit lån på 50 000 kr for å finansiere busskjøpet. Dette var ein svært flott og god buss, og det var mange idrettslag som misunte Fotballgruppa denne. Den gamle bussen, som Fotballgruppa fekk i gáve frå Supporterklubben i 1981, vart seinare solt for 8000 kr.

Også dette året arrangerte STIF serie for miniputtar. Her deltok Kjelkenes, Davik og Ålfoten, forutan Svelgen som stilte med 3 lag. Hos Fotballkrinsen vart det dette året registrert to



Gutelaget som i 1984 kvalifiserte seg for 1. divisjon, og som vart det 5. beste gutelaget i fylket. Her fotografert på Norway Cup. Bak f.v. Einar Gjerde (trenar), Freddy Sørgulen, Ove Nybø, Frode Bremnes, Bjørn Kjørslevik, Arild Langedal, Magne Føleide (trenar) og Roy Os (bussjåfør). Midterste rekke f.v. Kåre Kristiansen, Kurt Volle, Bjarne Lunde, Inge Os, Edvin Førde og Kjell Langseth. Fremste rekke f.v. Paal Øyvin Frøyen, Stig Bell, Trygve Olsen, Ole Martin Sagengen, Bjørn Svarstad og Inge Rogne.

slike seriar. Det var Svelgenserien og Sogneserien der Sogndal, Syril, Kaupanger, Hafslo og Bjørn deltok. Dette viste kor godt det vart jobba i Svelgen med å gi eit tilbod til dei yngste. Denne sesongen vart det arrangert to Bremanger Cup-turneringar for lilleputtlag. På våren vart den som vart utsett frå hausten 1983 arrangert, og på hausten dette året vart årets turnering arrangert. Davik vann begge turneringane. Bremanger Cup for seniorar vart utsett denne hausten og vart spela våren 1985 i staden.

Dette året deltok STIF for første gong med småjentelag i serien. Trenarar var Hilde Jenssen og Dagfinn Ask. Desse småjentene gjorde ein god innsats og vann 2 av 5 seriekampar. Mange av dei same småjentene deltok og på jentelaget i lag med nokre litt eldre jenter. Jentelaget vart og trenar av Hilde Jenssen og Dagfinn Ask. Lilleputtlaget, med Inge Jarl Tennebø som trenar, og smågutelaget, med Arild Sande og Svenn Petter Kjerpeset som trenarar, deltok både i serien og på Sunnmørs Cup.

Gutelaget, som vart trenar av Einar Gjerde og Magne Føleide, vann serien på våren og var kvalifisert for 1. divisjon. Her gjorde laget ein god innsats og vart til slutt det 5. beste gutelaget i Sogn og Fjordane. Dette gutelaget deltok og i Norway Cup og gjekk vidare til sluttspellet etter to sigrar og eit tap. I sluttspellet slo dei Ullensaker Kisa 2–1, før dei tapte 1–3 for Åsane og var med det utslegne.

Stig Bell spelte 3 krinslagskampar for 2. ársgutekrinslaget og fekk også sin debut på A-laget i 5. divisjon. Etter denne sesongen la Bell fotballskoa på hylla for å satse på volleyballsporten. Han var eit stort idrettstalent som var blant dei beste i fylket både i fotball og volleyball, og også i friidrett i yngre dagar. Jan Ove Grindheim scora heile 37 mål på 19 smågutekampar dette året.

Old boys-laget hadde ein dramatisk sesong med dødsfallet til Ragnfred Ommedal. Laget vann serien og spelte så første kamp om KM-tittelen mot Dale i Svelgen søndag 23.9. og vann her 4–1. Då starta bråket. Svelgen vart diskvalifisert både frå serien dei hadde vunne og frå sluttspellet om KM-tittelen. Årsaka var at Svelgen hadde nyttar ein spelar som var for ung i kampen mot Dale. Dette vart oppdaga av ein av spelarane på Dale som hadde jobba i Svelgen. Etter at Fotballkrinsen hadde sjekka dommarkortet nøyare, fann dei ut at Svelgen hadde nyttar heile 7 spelarar som var under Old Boys- alderen. Rett nok var det lov å nytte to spelarar mellom 30 og 33 år, så Svelgen nyttar «berre» 5 ulovlege spelarar. I samband med denne saka vart det mykje avisskriveri, der både Fotballkrinsen ved Jarle Eik og Fotballgruppa i Svelgen ved Terje Førde engasjerte seg sterkt. Fotballgruppa vart straffa med 1000 kroner i bot, og formannen i Fotballgruppa, som også var oppmann for Old Boys, fekk eit års utesenging frå verv i fotballen.



Det første lagbiletet ein har greidd å skaffe av eit jente-/damelag frå STIF synet jentelaget i 1984. Bindprodusenten SABA sponsa desse jentene med kvite drakter med store bokstavar med SABA på brystet. Dette synest ikkje jentene noko særleg om, og nekta å spele med draktene med den utprega reklamen på. Etter kvart gav dei etter og spelte med draktene. Bak f.v. Dagfinn Ask (trenar), Grethe Myren, Ragnhild Sagmo, Rigmor Eikeseth, Margrethe Standal, Kari-Ann Førde, Karianne Myren, Britt Jorunn Bueie, Beathe Førde og Hilde Jønsson (trenar). Framme f.v. Alice Elde, Haldis Myklebust, Rita Lunde, Elin Førde, Grete Apneseth, Ragnhild Jacobsen og Wenche Førde.

Føre denne sesongen melde 21 år gamle Arild Førde overgang til Sogndal. Også eliteserieklubbane Bryne og Viking var ute etter Førde. Han gjekk her rett inn på midtbana til 2. divisjonslaget (nest høgste divisjon), der Ingvar Stadheim var trenar. Men Førde var uheldig og tidleg i mai månad rauk leddbandet i høgre kneet. Han var tilbake på laget ut på hausten. Svelgen vart i samband med overgangen lova ein kamp mot Sogndal sitt beste lag på Svelgen stadion denne sommaren, men på grunn av stramt kampprogram for Sogndal vart det ikkje rom for å spele kampen. Kampen vart utsett til sommaren 1985, men vart heller ikkje då spela. Svelgen fekk i staden ein kompensasjon på 6000 kroner for dette. At Førde fekk høve til å spele på eit så høgt nivå, la han grunnlaget for i Svelgen. Han budde i sine første leveår på Ivarplassen på Sande og spelte mykje fotball på snuplassen der. Sine første fotballkamper spelte han for STIF sitt første lilleputtlag i 1972, det året han fylte 10 år. To år seinare, medan han endå var lilleputspelar, greidde han ferdigheitsmerket si vanskelegaste grad, Gullballen. I åra fra 1972 til 1981 spelte han 151 aldersbestemte kamper for STIF. Han var med på smågutelaget som vart nr. 3 i KM i 1976, og gutelaget som vart nr. 2 i KM i 1978. I 1979 var han med på gutelaget som kom heilt til 8. delsfinalen i Norway Cup. I 1978 var Førde svært så aktuell for spel på gutekrinslaget. Men då den siste samlinga kolliderte med NM-sluttspillet for gutelag i volleyball, der Førde var sentral på laget som tok NM-gull for STIF, fekk han merkeleg nok

ikkje spele kampane på krinslaget. To år seinare spelte han to kamper for juniorkrinslaget. Han debuterte for STIF sitt A-lag i 1979 og spelte for Svelgen fram til og med sesongen 1983. Førde var i tida i Svelgen kjent for sine ekstreme ferdigheter på dødballsituasjoner. Når Svelgen fekk frispark mellom 16 og 35 meter, eller corner, vart det alltid store målsjansar av dette. På STIF sin treningsleir på Bryne i 1982 vart Førde samanlikna med Tom Lund sine dødballferdigheter av den tidlegare landslagstrenaren Kjell Schou Andreassen. Førde var svært sentral då Svelgen rykte opp i 4. høgste divisjon etter sesongen 1981. Han var toppscorar for Svelgen i 1981, 1982 og 1983. Han spelte 101 A-kamper og scora 76 mål. Utanom måla på A-laget scora han 7 mål for B-laget og heile 144 mål i aldersbestemt fotball. Det sistnemnde var rekord i STIF ved inngangen til år 2000. Totalt vart det 227 mål for STIF, noko som gav han 4. plass på den statistikken ved inngangen til år 2000. Einar Gjerde var trenar for Førde i 7 sesongar mellom 1974 og 1982, og betydde mykje for at Førde nådde så langt som fotballspelar. I ettertid takka Førde Gjerde for at han fekk lov til å prøve og feile i desse åra med mykje dribbling og skot. Førde hadde og stor nytte av volleyballspelinga han dreiv med i Svelgen, spesielt med tanke på spenst og fart.

Senior A-laget, med Arild Mundal og Knut Fotland som trenarar, reiste 13.4.–22.4. på treningsleir til Blokhus i Danmark. Med på turen var 17 spelarar og 2 trenarar. Det vart reist med den blå folkevognbussen til Ingvar Solberg og privatbilar til Oslo, der ein tok båt til Fredrikshavn. Treningsleiren var 100 % vellukka, og det vart spela 3 treningskamper og elles 2 treningar for dagen. I 5. divisjon gjorde Svelgen ein svært svak vårsesong og låg ved halvspela serie 3. sist med berre 7 poeng på 9 kamper. Laget gjorde ein mykje betre haustsesong og avanserte til 4. plass, med 7 poeng opp på opprykksplass. I den siste bortekampen denne sesongen 22.9. vann Svelgen sin første bortekamp for året. Syril vart slege 6–3, og 17-åringen Knut Eikeland scora heile 5 mål. Han var dermed den andre A-lagsspelaren som greidde dette i ein seriekamp.

1985

Odd Grindheim var nyvald formann i Fotballgruppa. Det vart meldt på 8 lag i seriane denne sesongen, og utgiftene var på 431 000 kr, medan inntektene var 387 000 kr. Fotballgruppa gjekk til innkjøp av fotoutstyret som Svelgen Handelslag hadde for passfotografering. Lars Olav Rylandsholm var forvaltar av dette. Avtala med Svelgen Hotell om vakthald gav kr 13 400 i inntekt, men vart sagt opp etter dette året. For maling av Svelgen Handelslag fekk Fotballgruppa 7000 kr. «Klubben» gjekk dette året med eit overskot på 26 000 kr, og det vart lagt ned ein kjempejobb av Oddbjørg og Einar Gjerde. At overskotet vart ein god del mindre enn året før, skuldast at det vart investert 18 000 kr i nye spel og automatar. Blant anna vart det kjøpt inn ein automat som «selde» sjokolade og chips når ein putta på pengar.



Miniputtlaget til Sande som i 1985 deltok i STIF sin miniputtserie. Bak f.v. Dan Vegard Vårdal, Jesper Kronborg-Jensen, Morten Endal, Olav Ommedal (lagleiar), Mads Yri, Tommy Vårdal, Kai Førde, Ørjan Vårdal og Ronny Myklebust. Framme f.v. Therese Fanøy, Taja Kronborg-Jensen, Monica Didriksen, Hilde Amundsen, Arne Rebni, Merete Mundal, Vibeke Vårdal, Hilde Ommedal og Astrid Johanne Vårdal.

Terje Førde, Øyvind Grindheim og Asbjørn Svarstad avla dette året eksamen på B-trenarkurset i fotball. Også dette året vart det arrangert miniputtserie der Davik, Ålfoten, Kjelkenes, Sande, Sentrum og Langeneset 1 og 2 deltok. Det vart spela serie både på våren og hausten, og alle laga møtte kvarandre to gongar til heime og bortekamp. Miniputtserien skulle vere moro både for spelarar og leiarar, og dommarane skulle meir vere «lærar» enn dommar ute på bana. Alle dei 89 spelarane på dei 7 laga fekk diplom av STIF. Det vart og arrangert Bremanger Cup for lilleputtar i Svelgen. STIF deltok med 2 lilleputtag i seriane, og det eine av desse deltok på Sunnmørs Cup. Inge Jarl Tennebø trena 1. laget, medan Bjørn Kjørslevik, Kjell Langseth og Edvin Førde trena 2. laget.

For første og einaste gong på 1900-talet vart det meldt på to jentelag i serien. Begge desse var 11'arlag. Trenarar var Hilde Jenssen og Øyvind Grindheim. 1. laget vart nummer 5 i serien, medan 2. laget enda på siste plass av dei 8 laga. Det vart totalt nytta heile 31 jenter på desse 2 laga. For aller første gong fekk og eit jentelag frå Svelgen delta på ei turnering, då både 1. og 2. laget deltok på Sunnmørs Cup. 1. laget vart her nr. 3 av 4 lag, medan 2. laget vart sist av 4 lag. Til trass for dette var humøret og innsatsen på topp.

Smågutelaget, med Geir Ask og Svenn Petter Kjerpeset som trenarar, vann serien på våren og var med det kvalifisert for 1. divisjon, men her vart laget sist med 0 poeng. Laget var like fullt det 6. beste smågutelaget i fylket. Dette smågutelaget kom

heilt til kvartfinalen på Sunnmørs Cup. Gutelaget, med Arne Petter og Odd Grindheim som trenarar, høvesvis på våren og hausten, kom ikkje til 1. divisjon, men gjorde det godt i i 2. divisjon og vart nr. 2, berre eitt poeng bak vinnaren. Dei deltok også i Norway Cup, men vart her utslegne tidleg.

For aller første gong fekk jenter frå STIF reise på krinsamling. Elin Førde, Haldis Myklebust, Margrethe Standal og Rita Lunde vart uttekne og reiste på krinssamling i Førde. Elin Førde og Haldis Myklebust vart vidare tekne ut på jente-krinslaget, der dei fekk spele høvesvis 7 og 2 krinslagskampar.

Senior A-laget, med Terje Førde og Asbjørn Svarstad som spelande trenarar, hadde ein god sesong dette året. Laget vann Bremanger Cup'84 som vart arrangert denne våren då den måtte avlysast hausten 1984. Svelgen vann finalen mot Bremanger etter at Arne Petter Grindheim scora 2–1 målet rett før slutt. Bremanger Cup'85, som skulle gå denne hausten, vart avlyst og flytta til våren 1986. Etter halvspela serie låg laget på 3. plass på tabellen à poeng med leiarlaget frå Selje, som hadde slegt Svelgen 3–0 i Svelgen. Svelgen slo bl.a. Tornado, som seinare vann divisjonen, 3–0 i Svelgen etter mål av Knut Eikeland (2) og Jørn Dyrstad. I perioden 20.–26. juli reiste laget på treningsleir til Ålestrup i Danmark. Med på turen var 16 spelarar (inkludert dei 2 trenarane), 5 damer og 2 år gamle Tom-Erik Førde. Reisa gjekk med bussen til Fotballgruppa og privatbilar til Fredrikstad, der ein tok ferje til Fredrikshavn. Det vart trena to gongar for dagen, og det vart også spela tre



I 1985 deltok STIF med to 11'ar-jentelag på Sunnmørs Cup. På biletet ser ein begge laga oppstilt til fotografering, bak f.v. Øyvind Grindheim (trenar), Rigmor Eikeseth, Hege Rosvoll, Margrethe Standal, Alice Elde, Grethe Myren, Anikka Ryland, Karianne Myren, Britt Jorunn Bueie, Ragnhild Sagmo, Lene Steinset, Haldis Myklebust, Bente Sagebø, Ragnhild Jacobsen, Wenche Førde og Grete Apneseth. Framme f.v. Hilde Jنسen (trenar), Anita Berle, Tone Larsen, Monica Myklebust, Eva Marie Bøe, Liv Høisæter, Beathe Førde, Toril Kolseth, Gry Elise Amundsen, Anett Dyrstad, Grete Elde, Rita Lunde og Hege Iren Myklebust.

treningskampar. Vêret var bra, men sola viste seg berre dei to siste dagane. På båtturen heimover måtte danskebåten snu og plukke opp att ein passasjer som stupte over bord i det finevêret. Det var så vidt det var liv i han når den store båten om sider fekk snudd.

Etter treningsleiren gjekk det litt tyngre, og dei 4 første kampane enda med 1 siger, 1 uavgjort og 2 tap, og Svelgen hadde falle ut av tetstriden. Til kampen borte mot Selje, som låg på 2. plass på tabellen, var det fleire av dei betre spelarane på Svelgen som ikkje stilte til kampen av ulike årsaker. Svelgen reiste med berre 12 spelarar og var nederlagsdømt av «forståsegpåarane» i fotballmiljøet i Svelgen. Selje var best i første halvdel av 1. omgang, før Svelgen kom til hektene og var fullt på høgde i resten av omgangen. Etter halvspela 2. omgang fekk Svelgen straffe etter at Roald Førde vart felt åleine med keeper. Terje Førde sette straffa sikkert i mål. Etter dette la Svelgen seg i forsvar og Selje pressa på for utlikning. 10 minutt før slutt såg alle på Selje stadion ballen i Svelgen sitt mål, men plutseleg slengde Svelgen sin midtbanespelar Frank Ryland seg og utførte ei redning med hendene. Alle utanom dommaren såg dette, inkludert linjemannen frå Ålfoten som stod ved midtbana (på denne tida hadde han ikkje høve til å markere for dette), men dommaren vinka spelet vidare. Selje heldt fram presset, men ein god Dag Ripe i Svelgen sitt mål rydda opp det som kom. I kampen sitt siste minutt fekk Selje indirekte frispark på 5 meteren, men Svelgen fekk rydda ballen vekk frå målet. Svelgen vann 1–0 etter god laginnsats, og dette

vart vendepunktet for laget. Laget vann dei 3 neste seriekampane, og føre siste serierunda låg laget å poeng med Selje på den viktige 2. plassen på tabellen som ville gi opprykk. Selje, som skulle møte Holmedal i Holmedal, hadde rett nok betre målskilnad enn Svelgen, som skulle til Sogn for å møte Lærdal. Ved pause i denne siste serieomgangen var stillinga i Holmedal 1–1, medan Svelgen leia 2–1 i Lærdal. Svelgen vann 3–1 etter mål av Knut Eikeland (2) og Arne Petter Grindheim. Då dette var før mobiltelefonen si tid, var spenninga stor då Terje Førde ei stund etter kampslytt gjekk i telefonkiosk for å ringe til Holmedal. Skuffelsen var stor då det viste seg at Selje hadde vunne heile 5–1. Svelgen vart med dette resultatet nr. 3 i 5. divisjon, men berre målskilnaden skilde laget frå opprykk til 4. divisjon. A-laget spelte denne sesongen 42 teljande kampar. Av dette var 18 serie-, 12 trenings-, 4 turnerings- og 7 cupkampar, pluss ei innandørsturnering.

Også i Firda Cup'en, som var nystarta dette året, gjorde A-laget det godt. Det var dette året 31 påmeldte lag i denne cupen. I 1. runde reiste laget til Stårheim og møtte 6. divisjonslaget der. Stårheim starta med ei straffe pga. divisjonskilnaden, og ettersom dei scora, stod det 1–0 ved avspark. Stårheim gjekk til pause med 2 – 0 leiing. Etter ein spennande 2. omgang stod det 2–2 etter mål av Knut Eikeland og Frank Midtbø. I 2. ekstraomgang scora Roald Nigardsøy 3–2 målet på eit kjempeskot, og Svelgen rekna då med at sigeren var sikra. På overtid utlikna Stårheim til 3–3, og det var dermed klart for straffekonkurranse. Etter ein svært spennande straffe-



Lilleputtlaget i 1985 på Sunnmørs Cup. Bak f.v. Kjell Langseth (trenar), Kjell Åge Bueie, Ronald Førde, Frank Strømmen, Øyvind Sagmo, Ronny Ytrehus, Frank Ommedal, Jan Erik Strøm, Thomas Andersen, Erlend Eidsvik, André Hatleset og Bjørn Kjørslevik (trenar). Framme f.v. Pål Flugre, Kim Kjørslevik, Håvard Nesbø, Ingmar Vårdal, Ole Petter Dahl, Sigbjørn Hjortland og Olav Herheim.



Gutelaget som i 1985 deltok på Norway Cup. Bak f.v. Svenn Petter Kjerpeset (lagleiar), Egil Svarstad, Leo Cirotzki, Freddy Sørgulen, Anders Austrheim, Petter Sortevik, Trygve Olsen, Magne Føleide (lagleiar) og Roy Os (bussjåfør). Framme f.v. Inge Os, Paal Øyvin Frøyen, Kennet Hessvik, Jan Ove Grindheim, Bjarne Lunde, Trond Hatleset, Freddy Hessvik, Roger Hægeland og Knut Ivar Bremnes.



Finalelaget til STIF som slo Heia 4–2 i den første Firda Cup-finalen i 1985. Bak f.v. Dag Eikeland, Arne Petter Grindheim, Frank Midtbø, Arild Sande, Roald Nigardsøy, Edvin Førde og Terje Sandvik. Framme f.v. Øyvind Grindheim, Terje Førde (spelande trenar), Frank Ryland, Dag Ripe, Bjarne Lunde og Asbjørn Svarstad (spelande trenar).

FOTO: AVISUTKLIPP FIRDA

konkurranse vann Svelgen til slutt 8–7 og rakk med det så vidt siste ferja. I neste runde møtte Svelgen Ålfoten på grusbana i Svelgen. Ålfoten scora på ei av dei to divisjonsstraffene og leia 1–0 ved kampstart. Svelgen burde ha avgjort kampen etter 90 minutt, men det stod 2–2 etter mål av Roald Førde og Terje Førde. Edvin Førde scora vinnarmålet i ekstraomgangane, og Svelgen vann 3–2. I kvartfinalen reiste Svelgen til Berle og møtte heimelaget med svelgaren Bjørn Atle Midttun i målet. Svelgen vann 6–1 etter mål av Edvin Førde (2), Ove Fanøy, Roald Nigardsøy, Asbjørn Svarstad og Terje Førde. Så var det klart for finalehelg i Førde med semifinal laurdag 26.9. mot Holmedal, bankett, middag og overnatting på Sunnfjord Hotell (betalt av Fotballkrinsen) og bronsefinale eller finale søndagen. Svelgen sikra seg finalebillett ved å slå Holmedal 4–1 i semifinalen etter mål av Knut Eikeland, Arne Petter Grindheim, Dag Eikeland og Frank Midtbø. Heia slo Kau-panger og vart motstandar i finalen på søndagen. Deretter var det klart for finalebankett og middag for dei 4 laga i lag med dei høge herrane i Fotballkrinsen. Søndagen kom, og medan bronsefinalen vart spelt, slappa svelgarane av med bading i bassenget på Sunnfjord Hotell. Eit par av dei yngre spelarane på Svelgen ville og prøve solariumet, som på denne tida var ganske nytt og spennande. Etter å ha lege ei god stund var dei ikkje vorte brune, og henta stadig nye myntar for å legge på meir. Dei nyttar heller ikkje briller og låg like godt og såg rett

opp i «sola». Ut på kvelden og dei neste vekene angra dei svært mykje på dette: Svært raude auge, blemmer over heile ansiktet og svært raude på heile kroppen vart resultatet av «solariumsprøvinga». I finalen tok Heia leiinga 1–0 på divisjonsstraffa. Det viste seg snart at Svelgen var det beste laget og etter 3 mål av Arne Petter Grindheim og eit av Dag Eikeland, vann Svelgen til slutt 4–2. Svelgen var med dette vinnar av den første Firda Cup'en og kunne innkassere 8000 kr i premie, pluss ein flott pokal. Spelande trenar for Heia var Harald Aabrek, som seinare vart trenar for Sogndal, Tromsø, Brann og det norske A-landslaget. På finalelaget til STIF spelte følgjande: Dag Ripe, Øyvind Grindheim, Terje Sandvik, Asbjørn Svarstad, Frank Midtbø, Dag Eikeland, Roald Nigardsøy, Terje Førde, Edvin Førde, Arne Petter Grindheim og Frank Ryland. Innbyttarar var Arild Sande og Bjarne Lunde. Terje Førde vart første spelar som passerte 300 seniorkamper for STIF og fekk for denne prestasjonen ein St. Moritz-statuet med inskripsjon, 1. grad. På krinstinget dette året kom STIF med eit framlegg til endring av reglane for deltaking på Old Boys-lag. Framlegget gjekk ut på at ein kunne nytte 5 spelarar som var under 33 år, men over 30 år. I tillegg foreslo Svelgen at fleire klubbar kunne stille felles lag i Old Boys-klassen. Framlegget vart ikkje godkjent.

1986

For 4. år på 10 år var Odd Grindheim formann i Fotballgruppa. STIF stilte dette året med 7 lag i seriane, og utgiftene og inntektene var dette året tilbake på eit meir normalt nivå på om lag 250 000 kr. Det vart dette året opparbeid eit gjerde på nordsida av fotballbana. Gjerdet var 120 meter og skulle nyttast til å sette opp reklameskilt. Dette året fekk Fotballgruppa 9 reklameskilt plassert på dette gjerdet. Dugnadsgjengen sette også opp to skur med reservebenkar i. Det eine blåste overende i hauststormen. Det vart bl.a. ordna reklame på bussen og Svelgen Tips-aksjane. På minussida la årsmeldinga til at Svelgen var det einaste 5. divisjonslaget utan sponsor på brystet. For første gong fekk ein dette året til ein avtale med Svelgen Hotell om spelarmøte og te før A-laget sine kampar. Dette skulle vise seg å bli ein langvarig tradisjon.

«Klubben» hadde dette året Hilde Jenssen og Øyvind Grindheim som ansvarlege. Dei to gjorde ein god jobb til trass for vanskelege arbeidsvilkår. «Klubben» var byrja å bli sletten, og «klubbfølelsen» til dei som gjekk der, var byrja å forsvinne. I tillegg var det stadig svinn i kassa. «Klubben» vart stengt i kortare og lengre periodar pga. innbrot og hærverk. Det vart innført ei ny ordning med elektroniske spel. Eit firma fekk plassere 2–3 spel i klubblokalet, og Fotballgruppa fekk ein viss prosent av den innspelte summen. Overskotet på «Klubben» var dette året 18 000 kr.

Dette var det siste året Dagfinn Ask og Einar Gjerde var oppsett som dommarar i Fotballkrinsen si terminliste. Dagfinn Ask vart første gong påmeldt som aspirantdommarar i 1966 og hadde eit års pause i 1983, der han likevel dømde ein god del. Dei første 10 åra dømde han, som dei fleste andre dommarar i Fotballkrinsen, berre sitt eige lag sine kampar, men då Fotballkrinsen i 1974 starta med nøytrale dommarar reiste han, som den første fra Svelgen, i mange år rundt og dømde som nøytral dommar. Einar Gjerde gjekk i 1965 på dommarkurs i lag med Atle J. Leirvaag. Før desse to var det berre Alf Sande som hadde utdanna seg til fotballdommar innan STIF. Gjerde satsa mest som spelar, trenar og leiar i STIF, og reiste ikkje så mykje rundt og dømte. Men han dømde mange av Svelgen sine kampar i åra frå 1965 til 1986, bortsett frå to år då han hadde pause frå dømminga. Både Ask og Gjerde var oppsett som aspirantdommarar i Fotballkrinsen si terminliste i 20 år. Espen Sortevik vart den 4. frå STIF som vart godkjent som krinsdommar. Terje Førde, som denne sesongen var aspirantdommar, fekk det ærefulle oppdraget med å dømme Firda Cup-finalen dette året. I løpet av denne sesongen avla han teoretisk og praktisk prøve til «dommargraden» og vart innstilt som krinsdommar til sesongen 1987. Noko han også vart godkjent som.

Denne sesongen kunne svelgarane igjen følgje Roger Føleide i Eliteseriekampar (1. divisjon). Han hadde no meldt overgang til storklubben Viking frå Stavanger. Sidan 1981 då han også spelte i Eliteserien, hadde han spelt for Haugar i 2. div. i 1982 og for Djerv 1919 frå Haugesund i 2. og 3. div. i 1983–85. Føleide vart i 1983 omskulert til venstreback. Dette var ikkje for at han skulle stå bak og forsøre målet,

men tvert i mot vart han nytta som ein svært offensiv back som gjekk på lop bakfrå. Han vart denne sesongen den første frå Svelgen som scora mål i Eliteserien, då han scora eit mål mot Strømmen i ein kamp i Stavanger der Viking vann 4–0. Målet kom etter eit lop bakfrå der Føleide spelte vegg og scora frå kort hald. Han vart og den første svelgaren ein kunne sjå på tippekampen på NRK. Dette var i kampen Tromsø–Viking der Tromsø vann 2–0. Føleide opplevde nok ein gong at laget han spelte for rykte ned frå Eliteserien.

Lilleputtlaget, med Freddy Hessvik og Ingebjørn Damstuen, som trenrarar og smågutelaget, med Geir Ask og Leo Cirotzki som trenrarar, deltok både i seriespelet og på ulike turneringar. Lilleputtane deltok på Sunnmørs Cup, medan smågutane deltok som første lag frå STIF på Mai Cup i Skarbøvika på Sunnmøre. STIF arrangerte også denne sesongen Bremanger Cup for lilleputtar. Her deltok Svelgen med eit lag, medan Syril vann turneringa.

For aller første gong deltok eit jentelag frå Svelgen i Norway Cup. Laget, som vart trena av Øyvind Grindheim, gjorde ein god innsats og spelte 1–1 mot både Kolstad og Heggedal. Her var det Karianne Myren og Elin Førde som stod for måla. Før siste kampen i innleieande runde var det klart at laget burde vinne for å vere sikre på å gå vidare til A-sluttspelen. Jentene gjorde ein kjempeinnsats og vann til slutt 2–0 etter mål av Britt Jorunn Bueie og Haldis Myklebust. Laget vart dermed nr. 2 i pulja og var klare for A-sluttspelen. I første sluttspelkamp møtte Svelgen Gol som vart for sterke og vann 4–0. I følgje trenar Grindheim viste jentene ein eksemplarisk oppførsel både på bana og i hovudstaden. Ei av jentene skreiv i reiserapporten frå opphaldet at dette var ei oppleveling dei ville hugse lenge. Jentelaget gjorde det også veldig godt i seriespelet. Dei låg likt med Eikefjord på toppen av tabellen før den siste kampen borte mot nettopp Eikefjord. Etter ein jamn kamp vann Eikefjord 1–0, og viste Svelgen til ein god 2. plass. Også gutelaget, med Alf Førde som trenar, deltok på Norway Cup. Her hadde laget med seg Roald Førde som lagleiar. Laget tapte først to kampar knepent, før dei vann 3–1 over det svenske laget Sorsele. No var det 3 lag som stod med 2 poeng, og Svelgen som hadde best målskilnad trudde dei var gått vidare til A-sluttspelen. Men nei, ein del finurlege reglar gjorde at Svelgen vart nr. 3 i pulja. Sorsele, som kom på 2. plass, trudde og Svelgen var gått vidare til A-sluttspelen og møtte ikkje opp til sin kamp i A-sluttspelen.

I første kamp i B-sluttspelen vann Svelgen 4–0, deretter slo dei Ellingsrud 3–1 på ei bane i utkanten av Oslo. Laget reiste så opp på skulen for å slappe av, og Roald Førde ringde sekretariatet for å høre kor tid neste kamp skulle gå. Denne skulle gå om 40 minutt fekk han beskjed om, og det var då berre å hive seg på T-bana for å rekke kampen. Laget rakk så vidt kampen, men var så slitne at det ikkje var sjanse for avansement. Dei tapte 0–2 mot Heimdal. Laget var nærmast glade for å ha vorte slegne ut, då dei hadde spelt 3 kampar på ein dag. Dersom dei hadde vunne denne siste kampen, skulle dei faktisk ha spelt også ein fjerde kamp denne dagen. Toppscorar for gutane på



Jentelaget i 1986 var dei første jentene frå STIF som fekk delta på Norway Cup. Bak f.v. Ragnhild Sagmo, Britt Jorunn Bueie, Margrethe Standal, Karianne Myren, Haldis Myklebust, Bente Olsen og Elin Førde. Midterste rekke f.v. Øyvind Grindheim (trenar), Toril Kolseth, Astrid Hatlenes, Monica Myklebust, Kari-Ann Førde og Beathe Førde. Framme f.v. Rita Lunde, Liv Høisæter, Rigmor Eikeseth, Hege Iren Myklebust, Hege Rosvoll og Grete Elde.

Norway Cup vart den 13 år gamle smågutespelaren Trond Hatleset med 6 mål.

Svelgen melde denne sesongen på juniorlag etter at ein ikkje hadde hatt med dette sidan 1983. Laget, som ikkje hadde trenar eller eigne treningar, gjorde det ganske godt i seriekampane tidleg på sesongen. Laget opna med å spele 4–4 heime mot Stryn, som vann serien suverent til slutt. Her scora Knut Eikeland alle 4 måla. Til bortekampen mot Stryn på hausten greidde laget berre å skrape saman 9 spelarar, og laget tapte då også heile 0–9, etter faktisk å ha halde dette gode laget til 0–1 ved pause. Denne kampen vart stoppa etter få minutt då omlag ingen av spelarane på Svelgen hadde leggbeskyttarar. Det vart denne sesongen påbode med leggbeskyttarar i aldersbestemt fotball, men det hadde ikkje vorte slege så hardt ned på som i denne kampen. Dommaren nekta å sette i gong kampen igjen før Svelgen hadde skaffa seg leggskinn. Dette vart ordna ved at dei sporty A-lagsspelarane til Stryn lånte vekk sine. Laget nytta både spelarar frå A- og B-laget,

og i tillegg vart det gått på bygda for å hente utrena spelarar rett før kampane. Då to kampar stod att, trekte STIF dette laget frå serien. Dette var siste året Svelgen hadde juniorlag i serien. Rundt 1990 vart det påbode med leggbeskyttarar i seniorkampar også.

Elin Førde var første jente som passerte 50 spelte kampar i aldersbestemt fotball og fekk i lag med 7 andre jenter «Plaketten» for dette. Finalen i Bremanger Cup for seniorlag vart spelt på grusbana på Rise søndag 13. april, og Svelgen vann heile 17–1 over Bremanger. Dette var den største sigeren Svelgen sitt A-lag vann i ein kamp på 1900-talet. Det høyrer med til historia at Bremanger tok leiinga 1–0. Målscorarar i denne historiske kampen var: Edvin Førde (5), Knut Eikeland (4), Terje Førde (3), Arne Petter Grindheim (3), Asbjørn Svarstad og Frank Ryland. I Bremanger Turneringa i Bremanger vann Svelgen for 2. gong i historia denne turneringa. I finalen vann Svelgen 2–0 over Bremanger framfor 300 tilskodarar. Edvin Førde scora begge måla.



Gutelaget som i 1986 deltok på Norway Cup. Bak f.v. Roald Førde (lagleiar), Inge Os, Ingebjørn Damstuen, Petter Sortevik, Christian Bøe og Bengt Øvrebotten. Midten f.v. Asbjørn Midthjell, Leo Cirotzki, Steinar Angelshaug, Allan Dyrstad og Jan Ove Grindheim. Framme f.v. Trond Hatleset, Torgeir Vårdal, Freddy Hessvik, Jan Erik Kjerpeseth, Frank Hægeland og Kennet Hessvik.

Sesongen starta elendig for A-laget, som denne sesongen vart trena av Einar Gjerde. Etter at dei 6 første kampane i 5. divisjon var spelte, hadde Svelgen berre 3 poeng etter ein siger, ein uavgjort og 4 tap. Laget låg då nest sist på tabellen. Men frå og med den 7. serieomgangen og t.o.m. den 18. og siste vann Svelgen 11 av 12 kampar, og enda til slutt på ein god 3. plass. Berre 3 poeng bak Eikefjord og Vik som rykte opp. Svelgen slo blant anna vinnarlaget Eikefjord 3–1 på slutten av sesongen. Her scora Jørn Dyrstad, Knut Eikeland og Edvin Førde måla. A-laget spelte denne sesongen heile 44 teljande kampar. Av desse var 18 serie-, 10 trenings-, 7 cup-, 4 turneringskampar, 2 i privat serie mot Florø og 3 innandørsturneringar. I årsmeldinga dette året vart ikkje innandørsturneringane rekna med, men reknar ein ei innandørsturnering som ein kamp, spelte Terje Førde 43 av desse kampane, i tillegg spelte han 4 B-kampar og var då oppe i 47 seniorkampar dette året. Noko som var rekord for spelte seniorkampar på eit år ved inngangen til år 2000.

A-laget gjorde det også godt i Postsparebank Cup, som var open for alle lag i Sør Norge (sør for Nord Trøndelag) i lågare divisjonar som ikkje var kvalifisert for NM-cupen. Dei 300 laga som deltok var delt inn i 4 regionar, og vinnarane av kvar region fekk 15 000 kr, pluss at dei og gjekk vidare til ei finalehelg i Oslo med spel om nye 25 000 kr. Svelgen kom inn i 2. runde og knuste Tempo heile 10–1 etter at Knut Eikeland scora heile 7 mål. I 16. delfinalen vann Svelgen 2–1 over 4. divisjonslaget Haugen. Her scora Terje Førde på straffe og Jørn Dyrstad det andre målet. I 8. delfinalen skulle Svelgen møte Aurland i Svelgen, men Aurland trekte laget sitt så Svelgen fekk walk over. Svelgen var no klare for kvartfinalen i denne cupen som tidlegare vart kalla Sør Norge Cup. Motstandar i Svelgen var leiarlaget i 4. divisjon i Rogaland, Ålgård. Etter ein kjempekamp vann Svelgen 2–0 etter at Jørn Dyrstad og Knut Eikeland scora måla. I semifinalen skulle Svelgen møte Årdalstangen på Cupa stadion. Denne kampen skulle spelaast søndag, medan ein laurdag hadde knust Lærdal borte med 6–0

i 5. divisjon. Laget overnatta på Klingenberg Hotell i Årdalstangen. Søndagen var det møtt opp 300 tilskodarar for å sjå semifinalen. Desse fekk sjå ein thriller av ein kamp. «Tangen» tok leiinga tidleg i 1. omgang, men etter dette hadde Svelgen massevis av sjansar både i 1. og 2. omgang. Men rett før slutt dukka scoringsmaskina Knut Eikeland opp og heada inn utlikningsmålet. Det var dermed klart for straffesparkkonkurransen og denne vart veldig spennande. Årdalstangen trakk til slutt det lengste stræt og vann 6–5. Cupeventyret var med dette over for STIF. Det høyrer med til historia at Årdalstangen vann regionsfinalen og turen til Oslo. Der vann dei både semifinalen og finalen. Så nær var Svelgen ... På heimvegen etter denne sogneturen kom laget opp i den forferdelege bilulukka i Magnhildskaret, der 4 ungutar frå Svelgen omkom. På grunn av denne ulukka vart den siste heimekampen i 5. divisjon flytta til Florø. Her var det eit minutt stille før kampen, og begge lag stilte med sørjebind.

19-åringen Knut Eikeland sette også denne sesongen nokre scoringsrekordar. Han scora heile 47 mål for A-laget på 33 kampar. Før denne sesongen hadde Knut Eikeland sjølv rekorden med 26 mål sett året før. Denne rekorden med 47 mål har ingen seinare vore i nærleiken av. Ingen av desse 47 måla vart notert i innandørsturneringane. Eikeland scora og 7 mål i ein Postsparebank Cup-kamp 27.5. mot Tempo, også dette ny scoringsrekord. Denne var det berre ein spelar som seinare tangerte. Han scora og 5 mål i ein seriekamp mot Lærdal 7.6. dette året. Dette var det berre han sjølv og Geir Ask som tidlegare hadde prestert. Kampen mot Lærdal vann Svelgen 6–0, og Eikeland scora dei 5 første måla for Svelgen. Han var og den fyrste som passerte 20 seriemål dette året då 23 av måla vart scora på dei 17 seriekampane han spelte.

1987

Roald Nigardsøy vart vald til ny leiar i Fotballgruppa. Heile 10 lag frå STIF deltok dette året i Fotballkrinsen sine seriar. Frå og med 1963, som var første året STIF meldte på lag, og fram til og med 1999 hadde STIF aldri fleire påmelde lag enn det var dette året. Det var først og fremst på jente- og damesida det var nye lag, då det vart påmeldte 2 lillejentelag og eit damelag. På gute- og herresida var det påmeldt 2 lilleputt-, 1 smågute-, 1 gute-, 1 Old Boys-, 1 B-og 1 A-lag. Om lag 150 spelarar deltok i seriespelet dette året. Då 4 av laga dette året var 7`arlag, var det nok minst like mange aktive i 1980 då det var 9 påmelde lag med 11 spelarar på laga. STIF sine lag spelte til saman minst 154 kampar dette året. Dette året vart det inngått to store sponsorkontrakter med Max Matsenter og Sparebanken Flora-Bremanger. Desse skulle vare i 3 år og ville gi 60 000 kroner over 3 år, altså 10 000 kr pr. år pr. sponsor. Totalt hadde Fotballgruppa dette året sponsor- og reklameinntekter på over 40 000 kr. Ein såg no langt mindre til dans-, bingo-, lotteri- og dognadsinntekter, og ein var no meir avhengig av støtta frå næringslivet.

«Klubben» hadde Frank Ryland overteke ansvaret for. Sidan det dei siste åra hadde vore stor sett jente- og gutelagsspelarane som hadde vore klubbvertar, og det hadde vore så som så med respekt for inventar og reglar på «Klubben», vart det dette året satsa på foreldre og vaksne spelarar som vertar. Det vart i desember 1986 sendt ut over 50 brev til foreldre, og ein fekk om lag 30 som sa seg villig til å stille opp som vertar. I tillegg hadde ein senior- og Old Boys-spelarane å ta av. Det vart og fiksa opp litt i lokalet, pent brukte møblar fekk ein gratis, biljarden fekk ny duk, nye ordensreglar vart utforma, og nøkkelen fekk berre dei oppsette vertane hente i vakta på Smelteverket. «Klubben» var no open alle dagar utanom laurdag, då denne hadde vore skjemma av mykje bråk o.l. då det var umogeleg å få vaksne vertar på laurdagane. Dette fungerte bra frå desember t.o.m. april månad. Dei fleste foreldrene som hadde meldt seg, hadde til no stilt opp, medan dei vaksne spelarane hadde svikta. Men inntektene var ikkje slik dei som tenkte økonomi ønskte, sjølv om det no foregjekk i meir sørmelege former. Men når det vart vår i lufta, vart det plutselig verre for foreldrene å stille opp, og etterkvart kunne kven som helst hente nøkkelen til lokalet igjen. Dermed vart det igjen hærverk og svinn av pengar. Og i slutten av juni stengde ein «Klubben» for ferien då det var umogeleg å få vaksne vertar, og dei yngre ikkje greidde å halde orden. I byrjinga av august opna «Klubben» igjen etter ferien, men ein var stadig plaga med svinn og hærverk, då dei vaksne ofte uteblei. Då dette heldt fram også i starten av september månad, innsåg den ansvarlege for «Klubben» i lag med styret i Fotballgruppa at dette ikkje kunne halde fram lenger. Det vart så starta forhandlingar med Hilbert's Gatekjøkken ved Hilde Jenssen om dei ville overta lokalet mot at Fotballgruppa fekk beholde delar av inntektene på speleautomatane som var plasserte her. Denne avtala vart inngått på nyåret 1988 og varte ein god del år framover. Dermed var 7 års drift av klubblokalet «Klubben» ein saga blott. Litt vemodig, men det var ikkje grunnlag for drifta lenger. I samband med at Hilbert's overtok



Delar av klubblokalet til Fotballgruppa/ungdomsklubben, «STIF-klubben», fotografert i 1987. Dette var ein populær samlingsplass for ungdommen i Svelgen frå 1981 fram til han vart lagd ned mot slutten av 1987.

lokalet, hjelpte Fotballgruppa med Einar Gjerde i spissen til med oppussinga av lokalet.

Hilde Jenssen vart den første kvinnen som vart utdanna fotballtrenar då ho avla eksamen som B-trenar i fotball dette året. Ho tok B-kurset i 1985, men pga. svangerskap tok ho først eksamen dette året.

Øyvind Grindheim var trenar for dei to lillejentelaga som var påmelde i denne nystarta serien til Fotballkrinsen. Heile 20 jenter møtte opp då treningane starta i februar. Opprinneleg hadde Svelgen, Florø og Sandane meldt på eit lag kvar, men då Sandane trekte laget sitt rett før seriestart, meldte Svelgen like godt på eit lag til. Desse jentene spelte med 7 spelarar på tvers av bana med små mål. Dette var ein nyvinnning innanfor lillejentefotballen dette året. Tidlegare hadde 7'arfotball berre vore for miniputtar. Desse jentene spelte fin fotball utan nokon form for stygt spel. I ein kamp mot Florø i Svelgen i mai månad der Svelgen vann 3–0, vart det dømt for ein hands og ikkje eit einaste frispark under heile kampen. Etter halvspela serie greidde heller ikkje Florø å skrape saman 7 jenter, så dermed vart det berre Svelgen 1 mot Svelgen 2. Pga. dette melde ein på eit lag til K-Bank Cup på Refvik stadion. Då laget kom til Refvika, viste det seg at det var berre eit jentelag til, medan resten av motstandarlaga var lillejentelag. Trass store tap, som t.d. 0–24, kjempa jentene godt, og humøret var på topp heile tida. 5 lillejentelag deltok i Bremanger Cup som vart arrangert i Svelgen i slutten av september. Turneringa gjekk over to dagar, og kampane laurdag vart tekne opp på video og viste om kvelden. Dette laget var og så heldige at dei fekk spele forbakk til Sogndal sitt 2. divisjonslag sin kamp mot Fredrikstad. Sjølv om laget tapte heile 0–10 mot Sogndal, var dette ei stor oppleving. Monica Didriksen spelte alle 18 kampane, og 10 år gamle Marit Renate Midthjell, som var eit hovud mindre enn dei andre jentene, vart toppscorar med 11 mål. Forutan desse to, deltok følgjande spelarar på lillejentene dette året: Therese Fanøy, Renate Fossheim, Merete Gulhaugen, Reidun Hatlenes, Britt Marie Hegnes, Trude Iren Hessvik, Veronica Hjortland, Merete Mundal, Janne Linn Myren, Vivi Røyrvik, Linn Karin Sande, Merete Sandvik, Therese Furset Vadstein, Astrid Johanne Vårdal, Cecilie Øvrebotnen og Annika Myklebust.

Også lilleputtane spelte 7'arfotball og hadde to lag i serien. Trenar for begge laga var Audun Langedal. Svelgen 1 tapte berre ein kamp og vann serien. Tidlegare hadde lilleputtlaga spelt på stor bane med 11 spelarar og også spelt om krinsmesterskapen. No var det slutt på dette, og det vart lagt meir vekt på at alle skulle få spele og også få vere mykje bort i ballen på den vesle bana. 25 spelarar møtte jamt opp på treningane dette året. Også lilleputtlaget deltok i K-Bank Cup og Bremanger Cup. Toppscorarar på laget vart Ronald Førde og André Hatleset med høvesvis 27 og 26 mål.

Gutelaget, med Freddy Hessvik som trenar, vart nummer 3 i serien og var med det kvalifisert for ein av dei to 1. divisjonsavdelingane som no var oppretta. Her vart laget nummer 4 av 6 lag. Gutelaget deltok og på Norway Cup der dei tapte alle 3 kampane. Smågutelaget, med Leo Cirotzki og Jan Eirik

Strømmen som trenarar, deltok både i serien og på Mai Cup. Trond Hatleset greidde krava for ferdigheitsmerkeprøva si vanskelegaste grad, som no hadde skifta namn frå Gullballen til Gullmerket.

Fra og med 1963, då Svelgen kom med i seriespelet og fram til og med 1986, hadde det heile tida vore 2 poeng for siger, 1 poeng for uavgjort og 0 poeng for tap. Men denne sesongen vart det endringar for seniorlaga. Framleis var det 0 poeng for tap, men no skulle det vere 3 poeng for siger ved full tid. Og var det uavgjort ved full tid, skulle det denne sesongen avgjerastr på straffesparkkonkurranse. Vinnaren av denne fekk 2 poeng, medan taparen fekk 1 poeng. Dette var eit prøveår for denne regelen, og det vart også med prøveåret. Fra og med 1988 vart det for alle fotballseriar i Norge, også aldersbestemt, innført 3 poeng for siger, 1 for uavgjort og 0 for tap.

B-laget vann serien etter berre å ha spelt 4 kamper. Dei vann to kamper mot Haugen, og vann og tapte ein mot Hornindal. Grunnen til at det vart spelt så få kamper, var at 3 lag hadde trekt seg. Etter ei stund vart det faktisk klart at dei og vart kåra til krinsmeister også, utan at det vart spela kampar om dette. Dette må kallast eit billeg krinsmesterskap. Følgjande spelarar vart krinsmeistrar: Torgeir Bratland, Audun Langedal, Alf Førde, Leo Cirotzki, Frank Midtbø, Bjørn Bremnes, Asbjørn Svarstad, Jan Ove Grindheim, Freddy Hessvik, Knut Hollekim, Paal Øyvin Frøyen, Kennet Hessvik, Edvin Førde, Arild Sande, Knut Sande og Hans Fotland. Dette var den 3. krinsmesterskapen Svelgen vann til denne tid. Desse hadde kome i 6. divisjon i 1976 og reservelags-KM i 1982 og dette året. Tre spelarar hadde vore med på alle desse krinsmesterskapene, og desse var Alf Førde, Audun Langedal og Knut Sande.

For aller første gong i historia vart det dette året starta eit damelag i Svelgen. Av jentene som starta med fotball for første gong i STIF i 1977, var det berre Lise Førde som var att på dette laget. Trenar for dette laget var Roald Førde og det var i starten 18 damer som var med og trena inne i gymsalen. Men når treningane tok til for alvor ute i snø og slaps, forsvann den eine etter den andre. Første seriekampen var borte mot Sandane 3. mai, og dette var 24 år etter at herrelaget til Svelgen spelte sin første kamp. Følgjande 11 starta kampen:

| Nr. | Spelar: | Fødselsår: |
|-----|---------------------|------------|
| 1. | Hege Iren Myklebust | 1971 |
| 2. | Monica Myklebust | 1971 |
| 3. | Torill Kolseth | 1971 |
| 4. | Kristin Halvorsen | 1966 |
| 5. | Bente Olsen | 1971 |
| 6. | Haldis Myklebust | 1970 |
| 7. | Wenche Førde | 1969 |
| 8. | Karianne Myren | 1971 |
| 9. | Grete Apneseth | 1969 |
| 10. | Lise Førde | 1965 |
| 11. | Grethe Myren | 1969 |

Innbyttarar var Ragnhild Sagmo og Elin Førde. Alle damene, utanom Kristin Halvorsen frå Florø, var svelgarar. Dei 5 som var født i 1971, heldt jentelagsalder. Svelgen vann kampen 2–1 etter svært god innsats. Dei historiske målscorarane var Lise Førde og Grethe Myren. Etter halvspela serie låg Svelgen på 4. plass av dei 7 laga med 9 poeng. Men på haustsesongen gjekk det tyngre, og etterkvart gjekk fleire leie og innsatsen var heller dårleg. På slutten av sesongen var det berre 12–13 spelarar ein kunne stole på. Det vart berre 1 poeng på hausten, og Svelgen fall dermed ned på siste plass på tabellen. Laget deltok i to straffesparkkonkuransar etter at seriekampane enda uavgjort ved full tid og vann begge. Forutan dei 13 som var med i første kampen, deltok og Rita Lunde og Alice Elde på laget denne sesongen. Toppscorar vart Grethe Myren med 6 spelemål og eit i straffesparkkonkurranse.

Denne sesongen var Terje Førde spelande trenar for A-laget. Laget gjorde igjen ein god innsats, men greidde heller ikkje opprykk dette året. For 3. år på rad hamna laget på 3. plass, som var plassen bak dei to opprykkslagene. Men denne gong var det heile 8 poeng opp til neste lag. Det kunne virke som om Svelgen trudde at dei skulle fortsette med 3. plassar i åra som kom, for på krinstinget etter denne sesongen fremja Svelgen eit framlegg om at lag nr. 3 i 5. divisjon skulle spele kvalifisering om opprykk mot laget som enda 3. sist i 4. divisjon. Framlegget botna også i at 5. divisjon frå 1988 skulle utvidast frå 10 lag til 12 lag. Dette framlegget vart ikkje vedteke på krinstinget. I Bremanger Turneringa dette året vann Svelgen 4–2 over Bremanger i finalen etter at Edvin Førde (2), Knut Eikeland og Jørn Dyrstad stod for måla. I Bremanger Cup i Svelgen i april tapte Svelgen overraskande 0–2 for Ålfoten i finalen, til stor jubel for både spelarar og dei mange tilreisande frå Ålfoten. Dette var 7. og siste gong denne turneringa vart arrangert i Svelgen. Ålfoten vann første og siste, medan Svelgen vann dei 5 andre.

På reisa til bortekampen mot Dale laurdag 30. mai vart bussen til Fotballgruppa den siste bilen som køyrdes av den aller siste ferja som gjekk mellom Haukå og Bjørnset. For denne dagen opna nemleg Norddalsfjordbrua. Litt spesielt var det og at fotballkampen skulle spelast mot Dale, då svelgarane nokre år før hadde slege dalsfjordingane i kampen om Norddalsfjordbrua eller Dalsfjordbrua skulle byggast først. Denne brua gjorde at ein no slapp å svinekøyre for å nå siste ferja etter bortekampane. I denne kampen mot Dale deltok og Svelgen sitt A-lag i sin einaste straffesparkkonkurranse i seriespel gjennom tidende. Etter ordinær tid stod det 1–1 etter at Edvin Førde gav Svelgen leiinga. Dale utlikna på eit tvilsamt straffespark som dommaren dømde frå midtsirkelen, 40 meter frå situasjonen. Terje Førde, Terje Sandvik, Frank Ryland, Asbjørn Svarstad og Øyvind Grindheim scora i straffekonkurransen som Svelgen vann 5–4. I ein seriekamp i 5. divisjon mot Heia som vart spela i Norddalsfjorden, vart Frank Ryland for sein inn i ei tackling, med den følgje at han reiv overende ein Heia-spelar som igjen fall over Svelgen sin eminente teknikar, Jørn Dyrstad. Ryland reiste seg kjapt og sprang tilbake på plassen

sin, medan Dyrstad hjelpte Heia-spelaren opp på beina. Dommaren drog så fram det gule kortet og gav det til Dyrstad som protesterte heftig utan at det hjelpte noko. Ryland, som hadde to gule kort frå før i sesongen, var berre glad til då han slapp karantene i neste kamp. Korleis det gjekk med dommaren som var oppe til vurdering for avansement til krinsdommargrada veit ein ikkje, men han vart i alle fall ikkje oppført som krinsdommar i sesongen 1988.

I Firda Cup'en var det dette året heile 47 lag med, og for første gong deltok også Sogndal med sitt beste lag. I 1. runde slo Svelgen Bremanger 2–0 på bortebane etter mål av Edvin Førde og Asbjørn Svarstad. I 2. runde møtte Svelgen 3. divisjonslaget Florø (tilsvrar 2. div. sesongen 2000). Svelgen bomma på begge divisjonsstraffene, men det gjorde ingen ting då dei spelte ut Florø og vann fortent 4–2 etter mål av Knut Eikeland (2), Edvin Førde og eit sjølvål. Trekninga av kvartfinalen gav på ny ein motstandar frå 3. divisjon. Denne gong var det Førde som var motstandar. Edvin Førde og Frank Ryland scora på divisjonsstraffene. Førde var det beste laget og hadde ei drøss med sjansar, men keeper Bjørn Atle Midttun var fantastisk, spelte ein kjempekamp og redda det mest utrulege. Medan Førde pressa som verst, kontra Edvin Førde inn 3–0 målet 8. minutt før slutt, noko som og vart sluttresultatet. I semifinalen møtte Svelgen 4. divisjonslaget Måløy i Svelgen. Måløy-keeperen redda divisjonsstraffa. Det vart ein svært jamn kamp der Asbjørn Svarstad avgjorde med ei heading etter corner. Og Svelgen var igjen klar for finalen i Firda Cupen.

Motstandar var divisjonskollega Høyang, som alt hadde vunne 5. divisjon heile 10 poeng føre Svelgen. Etter loddtrekning vart det klart at kampen skulle gå i Høyanger. Utifra tabellplassering og fordel av heimebane, pluss at Svelgen mangla storscoraren Knut Eikeland, gjorde at Høyang var stor favoritt. Etter jamt spel første halvtimen scora Edvin Førde i det 28. minutt etter møyjespel framfor målet til Høyang. 1–0 var og pauseresultatet. Spelet bølgja fram og tilbake heilt til i det 80. minuttet, då Frank Ryland avgjorde kampen med eit velplassert skot. Svelgen var dermed vinnar av Firda Cupen for 2. gong i cupen si 3-årige historie og fekk utdelt ein flott pokal og ein sjekk på 13 000 kr. I tillegg fekk spelarane medaljar. Svelgen stilte med følgjande lag i finalen: Bjørn Atle Midttun, Øyvind Grindheim, Frank Midtbø, Terje Sandvik, Asbjørn Svarstad, Roald Nigardsøy, Terje Førde, Jørn Dyrstad, Frank Ryland, Edvin Førde og Jan Ove Grindheim. Paal Øyvin Frøyen vart bytta inn. Dette var som nemnt den 3. Firda Cup-finalen, og Terje Førde hadde vunne to av dei som spelande trenar, og så var han dommar i den mellomste finalen. A-laget spelte denne sesongen 43 teljande kamper. Av desse var det 18 serie-, 11 trenings-, 7 cup-, 4 turnerings- og 1 privat seriekamp, pluss 2 innandørsturneringar. Frank Ryland spelte alle dei 43 teljande kampane.

Terje Førde vart den første spelaren frå STIF som passerte 400 spelte kampar, og for det fekk han ein St. Moritz-statuet med inskripsjon, 2. grad. Terje Førde fekk seg ny jobb i Florø etter denne sesongen og flytta dit. Han stoppa med det på heile



A-laget til STIF fotografert før finalen i Firda Cup'en 1987. STIF vann 2 – 0 mot Høyanger i Høyanger. Bak f.v. Terje Sandvik, Bjørn Bremnes, Freddy Hessvik, Asbjørn Svarstad, Øyvind Grindheim, Frank Midtbø, Kennet Hessvik og Terje Førde (spelende trenar). Framme f.v. Jan Ove Grindheim, Edvin Førde, Bjørn Atle Midttun, Roald Nigardsøy, Jørn Dyrstad, Leo Cirotzki, Frank Ryland og Paal Øyvin Frøyen.

FOTO: FIRDA

424 seniorkampar. Etter debuten på A-laget i 1974 og fram til 1987 scora han heile 127 mål for A-laget og låg på 3. plassen på den statistikken ved inngangen til år 2000. Førde, som opprinnelig var ålfotar, kom til Svelgen som guttespelar i 1973 etter at Svelgen sitt guttelag hadde spela kamp mot eit lag frå Davik Ungdomsskule, der han var elev. Her vart trenaren til Svelgen, Einar Gjerde, tydelegvis imponert for han tilbaud Førde å spele på guttelaget til Svelgen. På byrjinga av 80-talet hadde han tilbod om å spele både på Hødd og Eid, men valde å bli i STIF. Han gjorde ein kjempegod jobb for Fotballgruppa i Svelgen som spelar, trenar, formann, styremedlem, oppmann, sekretær, gruppekasserar, dommar og som eldsjel i mange samanhengar. Som takk for dette fekk han etter denne sesongen ei påskkjønning i form av ein tur til Oslo og cupfinalehelga der i lag med familien. Alle desse oppgåvene han hadde i Fotballgruppa gjekk nok ut over innsatsen på fotballbana dei siste åra han var i Svelgen. Då han flytta til Florø og meldte seg inn i FSK, blomstra han opp igjen og var i fleire år blant dei beste spelarane på bylaget der. Han vart bl.a. kåra til «Årets spelar» i FSK i 1988-sesongen, vald til kaptein i 1989 og vart spelande trenar i 1990. Den sesongen førte han Florø til opprykk til 2. divisjon. Han valde då å ikkje ta på seg vervet som trenar i 2. divisjon, då trenarjobben tok for mykje tid. Han spelte i 2. divisjon 1991 og også i 3. divisjon 1992, før han la fotballskoa på hylla.

Knut Eikeland la etter denne sesongen fotballskoa på hylla, berre 20 år gammal. På 120 kampar i aldersbestemt fotball der målscorar vart registrert, scora han 127 mål. I tillegg spelte han 14 kampar der mål ikkje vart registrert. På denne statistikken var det berre Arild Førde som låg føre ved inngangen til år 2000. På A-laget scora han 115 mål på 3 heile og 2 halve sesongar, eller 125 A-kampar. Her låg han på 4. plass ved inngangen til år 2000, men med langt færre kampar enn dei som låg føre han på lista. I tillegg scora han 9 mål på 12 B-kampar. 251 mål scora Eikeland for STIF, og denne rekorden var det berre ein spelar som seinare slo. Totalt spelte Eikeland 257 kampar for STIF der mål vart registrert. Etter at Alf Førde «la opp» etter 1979-sesongen, spelte han dei fleste åra ein del av A-laget sine trenings- og turneringskampar når det var bruk for han. Dette året han fylte 49 år, vart han registrert med sine to siste A-lagskampar. Ingen i STIF var i nærleiken av dette verken før eller seinare. Han byrja ikkje å spele organisert fotball før i 1969, då naboen Knut Stavang fekk overtalt han til å bli med på trening. Då var han 30 år gammal. I 1988 spelte han sine siste B-lagskampar og i 1994, då han fylte 56 år, spelte han sine 10 siste kampar for Old Boys. I år 2000 fylte han 62 år, og han var då framleis blant dei ivrigaste på innandørstreningane til 6. divisjonslaget.



Sentrale personar i Fotballgruppa fotografert i 1982. T.v. Terje Førde, som var «altnligmann» for Fotballgruppa frå byrjinga av 80-talet til han flytta frå Svelgen i 1987. Einar Gjerde hadde vore med på alle plan innanfor fotballen sidan STIF kom med i serien i 1963, og var framleis svært så aktiv.

FOTO: FIRDAPOSTEN

1988

Olav Ommedal vart vald til leiar i Fotballgruppa, som hadde 8 lag i seriane denne sesongen. Blant anna hadde damelaget falle frå etter berre eit år i serien. Det vart denne sesongen innført ein ny styrestruktur i Fotballgruppa, som skulle fordele arbeidsoppgåvane på alle styremedlemene, og ein hadde også som mål å knyte nærmare kontakt mellom styret og dei ulike laga sine trenrarar. Då tiltakssjefen måtte trekke seg midt i sesongen, vart det problem med å gjennomføre inntektsbringande tiltak. Det vart eit underskot på 33 000 kr dette året, sjølv om ein brukte 28 000 kr mindre enn budsjettet. I tillegg hadde bussen 3 reparasjonar på om lag 10 000 kr, og totalt hadde ein utgifter på 40 000 kr på bussen. Det vart teke initiativ frå STIF ved Fotballgruppa til samtalar med Ålfoten og Davik om samarbeid i åra framover. Ein meinte at dersom ein skulle gje tilbod i alle aldersklassar, så kunne ein ikkje ha eit fotballag på «kvart nes».



Knut Eikeland (t.h.) fotografert i ein seriekamp mot Sentrum i 1985. Eikeland var den mest effektive spelaren STIF sitt A-lag hadde på 1900-talet. Då han la opp etter 1987-sesongen, berre 20 år gammal, hadde han scora 115 mål på 125 A-lagskampar.

FOTO: FIRDAPOSTEN

Det vart denne sesongen jobba svært godt med skulering av trenrarar, og ikkje noko anna år på 1900-talet vart det skulert så mange trenrarar i Fotballgruppa. Øyvind Grindheim avla som den tredje frå STIF eksamen som C-trenar i fotball og bestod denne. Heile 5 av dei aktive trenarane denne sesongen avla B-trenar eksamen og bestod. Desse var: Geir Ask, Hans Fotland, Trond Hatleset (16 år), Frank Ryland og Jan Eirik Strømmen. I tillegg deltok Audun Langedal på dei fleste delkursa, men gjekk ikkje opp til eksamen. På dommarsida såg det derimot svart ut. Ein hadde berre Espen Sortevik som påmeld dommar til Fotballkrinsen, men han gjorde ein svært god jobb då han dømde dei aller fleste kampane til STIF sine lag. Fotballgruppa hadde planar om at det skulle vere eit obligatorisk krav å gjennomgå dommaraspirantkurs for å få delta på Old Boys-laget. Dette framlegget vart stoppa av Fotballkrinsen.

Måndag 18. juli tok den nytilsette landslagssjefen Ingvar Stadheim ut sin første landslagsstropp til kampen mot Brasil onsdag 27. juli, og over NRK Radio og TV vart den opplest slik: *Jørn Andersen – Eintracht Frankfurt, Carsten Bachke – Moss, Sverre Brandhaug – Rosenborg, Rune Bratseth – Werder Bremen, Arild Førde – Sogndal, Jan Åge Fjørtoft – Lillestrøm, Anders Giske – Nürnberg, Gunnar Halle – Lillestrøm, Terje Kojedal – Valenciennes, Karl Petter Løken – Rosenborg, Kjetil Osvold – Djurgården, Ola By Rise – Rosenborg, Erik Soler – AGF Århus, Tom Sundby – Herakles, Gøran Sørloth – Rosenborg og*



Svelgaren Arild Førde (t.h.) fotografert på landslagssamling i samband med A-landskampen mot Brasil i 1988. Dei andre på biletet er f.v. Gøran Sørloth, landslagstrenar Ingvar Stadheim ståande, Terje Kojedal med baken mot kamera, Jan Åge Fjørtoft og Gunnar Halle.

Erik Thorstvedt – IFK Göteborg. No hadde Svelgen også fått ein spelar på det norske A-landslaget.

Men det var ikkje berre i Svelgen uttaket skapte glede og omtale, for dette var nemleg andre gongen i historia at ein fotballspelar frå Sogn og Fjordane vart teken ut til ein senior A-landslagstropp. Landslagssjef Stadheim fekk mange spørsmål om Arild Førde på pressekonferansen etter uttaket, og gav han følgjande karakteristikk: «Han er temposterk, god med ball, flink til å variere pasningane og god med begge beina», og la til at Førde var tiltenkt ein backpass sjølv om han spelte midtstoppar på Sogndal. Førde sjølv, som var heime hos foreldra i Svelgen då den gledelege meldinga kom, uttalte blant anna til pressa at han var både stolt, kry og gledeleg overraska. Han fortalte vidare om oppveksten i Svelgen der han lærte å spele fotball, og at han også hadde hatt nytte av volleyballspelinga der han mellom anna vart norgesmeister med guttelaget i heimbygda.

Å bli teken ut på dette landslaget var ein stor prestasjon sjølv om Arild Førde ikkje fekk kome inn på bana framfor dei 23 000 tilskodarane på Ullevål som var i ekstase etter at Norge

greidde å spele uavgjort 1–1 mot Brasil. Førde vart også teken ut i den neste landslagstroppen til kampen mot Bulgaria på Ullevål 9. august. Då var han endå nærrare å kome innpå då han lenge dreiv og varma opp, men Stadheim valde diverre å sette innpå andre landslagsstjerner. At Førde vart teken ut på landslaget var ikkje tilfeldig, for han hadde spelt glimrande på vårsesongen i sin første sesong i Eliteserien (då kalla 1. divisjon). På dei 11 seriekampane som vart spela før landslagsuttaket, var han 4 gongar på «Ukens lag» i VG og 3 gongar i Dagbladet.

Han gjorde også ein god haustsesong og var totalt denne sesongen 6 gongar på «Ukens lag» i VG og 4 gongar i Dagbladet. Ved sesongslutt enda Sogndal på 6. plass på tabellen, som var laget si beste plassering i øverste divisjon ved inngangen til år 2000. Førde kom og på «Årets lag» i VG som midtstoppar, og det var ein stor prestasjon då ein på denne tida hadde ein overflod av gode spelarar på denne plassen i Norge. Faktisk så var Førde heilt oppe på 4. plass på VG-lista blant enkeltspelarane i Eliteserien med ein snittkarakter på 5,5 poeng. Årets spelar vart Thor Andre Olsen, Molde, føre Sverre Brandhaug, Rosenborg og Ulrich Møller, Molde. Førde vart føre sesongen

RUNDENS LAG



Thor Andre Olsen,
MOLDE
5 (2)*



Dennis Schiller,
LSK
5 (2)



Roger Føleide,
DJERV 1919
5 (1)



Erlend Johnsen,
MOSS
4 (2)



Arild Førde,
SOGN DAL
5 (1)



Gunnar Gislason,
MOSS
5 (1)



Erik Pedersen,
TIL
5 (3)



Trond Johansen,
TIL
5 (3)



Geir Hansen,
MOSS
4 (1)



Lasse Opsæth,
SOGN DAL
5 (2)



Geran Sarloth,
RBK
4 (2)

«Rundens lag» i Dagbladet 6. juni 1988: Her ser ein at svelgarane Roger Føleide og Arild Førde vart uttekne på dette «laget», som bestod av dei beste spelarane i eliteserierunda 5. juni.

1987 omskulert frå midtbanespelar, som han hadde vore i 3 sesongar for Sogndal, til midtstoppar av Sogndal-trenar Ola Ljungberg.

Denne sesongen deltok Arild Førde i ein Tippekamp på NRK, der Tromsø og Sogndal møttest til eliteseriekamp på Alfheim stadion i Tromsø. Dette var stort sett ein kjedeleg kamp heilt til ein spesiell episode oppstod. 72 minutt ut i kampen leia Tromsø 1–0, og Sogndal hadde ikkje vore i nærleiken av å score mål. Dette skulle Tromsø sin keeper Bjarte Flem etterkvar få ordna på «eiga hand». Han skulle kaste ballen ut til ein medspelar, då han ombestemde seg og prøvde å halde tilbake ballen, med det resultat at ballen trilla i eige mål. Dette målet har vorte vist på TV mange gongar kvart år sidan. Kampen enda til slutt 1–1. Det høyrer med til historia at Sogndal sin kaptein Knut Christiansen tok kontakt med dommaren og lurte på om han ikkje kunne annullere scoringa.

Denne sesongen spelte også vår andre lokale fotballhelt, Roger Føleide, i Eliteserien. Han hadde no reist tilbake til Haugesund, etter to år i Stavanger hos Viking, og spelte no for Djerv 1919. 5. juni til 7. serierunde møtte for første gong to svelgarar kvarandre til innbyrdes kamp i Eliteserien. Kampen

vart spelt i Haugesund, og Sogndal, med Arild Førde på laget, trakk det lengste strået då dei vann 2–1. I den kampen spelte begge svært godt, og begge kom på «Ukens lag» i Dagbladet. Føleide scora også eit eliteseriemål denne sesongen. Det var i kampen Bryne–Djerv 1919, der Bryne vann 5–2, at Føleide scora på eit skot frå 20 meter. Dei to eliteseriemåla som Føleide scora i si karriere var dei einaste ein spelar frå Svelgen og STIF scora i Eliteserien for menn på 1900-talet. Dette var Føleide sin 3. sesong i øverste divisjon, og for 3. gong var han med på å rykke ned frå Eliteserien.

Dette året deltok alle 5 aldersbestemte laga til STIF i turneringar rundt om i landet. Verken før eller seinare deltok Svelgen på så mange turneringar på ein sesong. Lilleputt 1 og 2 deltok på Sunnmørs Cup i Spjelkavik utanfor Ålesund, småjente- og smågutelaget deltok på Mai Cup som vart arrangert i Skarbovik utanfor Ålesund, og gutelaget deltok tradisjonen tru på Norway Cup i Oslo. Lilleputtlaga 1 og 2 hadde Hans Fotland og Audun Langedal som trenarar. Det var kjempegodt oppmøte på treningane då det møtte opp 20–25 «puttar» på kvar trening. Lilleputt 1 vann ein god del kampar, medan 2. laget til slutt gredde å spele uavgjort 2–2 mot Tempo. I ein kamp mot Florø 3 tapte 2. laget 0–24, noko som var det største serietapet for eit fotballag frå STIF til denne tid. Målskilnaden vart til slutt 8–150 etter 12 kampar. Dette tok desse gutane med godt humør. Smågutelaget, med Frank Ryland som trenar, vart nummer 2 i serien på våren, og nummer 3 i 2. divisjon på hausten. Hilde Jenssen var trenar for småjentene som deltok i serien, og dei var 23 spelarar jamt over på treningane. Gutelaget, med Jan Eirik Strømmen som trenar og Trond Hatleset som spelande hjelpetrenar, vart nummer 2 i serien på våren. Dei vart påmelde til Norway Cup, og for å skaffe pengar til turen hadde dei ulike dugnader som t.d. maling av 3 kommunale boligar. I inndeiane runde tapte dei to og vann ein kamp, og vart nummer 3 i pulja si. Dei var då kvalifisert for B- sluttspel, der dei møtte Nesset og tapte 3–6. Nesset kom seinare heilt til semifinalen. I serien på hausten gjekk det svært godt med laget då dei vann 5 kampar og spelte uavgjort i den siste. Laget vart dermed vinnar av si 2. divisjonsavdeling.

Trond Hatleset spelte 7 krinslagskampar for U-15 gutekrinslaget, som var det nye namnet på 1. års gutekrinslag. Etter ei krinslagsturnering på Askøy vart Hatleset plukka ut av Norges Fotballforbund sine representantar til ei landslagsamling for 15-års gutter i Porsgrunn. Hatleset reiste ikkje på denne samlinga.

Geir Ask og Øyvind Grindheim hadde teke over som trenarar for A-laget, medan Arild Førde vart «henta heim» frå Sogndal på nokre treningssamlingar i helgane som konsulent og inspirator. Han kom med ein del nye øvingar, og dette var eit svært vellukka samarbeid. I seriekampane i 5. divisjon gjekk det svært godt og på vårsesongen vart det berre eit tap. Svelgen låg då på 3. plass på tabellen med berre eit poeng opp på opprykksplassen. På haustsesongen gjekk det dårlegare, og etter å ha tapt 5 bortekampar enda laget på 4. plass med 6 poeng opp til opprykksplass. I siste kampen, som vart spela mot Jølster i



Gutelaget som i 1988 deltok på Norway Cup. Bak f.v. Jan Eirik Strømmen (trenar), Ole Petter Dahl, Frank Ommedal, Steffen Varpe, Ronny Ytrehus, Olav Herheim og Frank Hægeland (reiseleiari). Midten f.v. Terje Rebni, Frank Strømmen, Pål Flugre, Tommy Sørensen, Inge Hessvik og Henning Hægeland. Framme f.v. Sigbjørn Hjortland, Erlend Eidsvik, Ingmar Vårdal og Trond Hatleset (spelande hjelpetrenar).

Ålfoten, leia Svelgen 4–0 til det stod att 12 minutt av kampen. Kampen enda til slutt 4–4. I spalten «Raggen's hjørne» i Firdaposten skrev jølstringen Ragnar Åmot følgjande: «Sidan Svelgen rykte ned frå 4. divisjon i 1982 har dei hatt ein skremmande jamn merittliste i 5. divisjon. Plasseringane 4, 4, 3, 3, 3, og 4 i år vitnar om eit lag utan den heilt store sjelestyrke og sinnsro. Det seier som regel klikk i staden for pang når nettmaskane kjem på nært hald og avgjerande støt skal settast inn. I år skrek Svelgen-kuta etter ein handfast kar til rors når været trekker opp og bylgjene vert krappe». For 3. året på rad vann Svelgen Bremanger Turneringa og sikra seg dermed sin første vandrepokal til ødel og eige. I innleiande runde vann laget heile 8–1 over Aksla. Her scora Jan Ove Grindheim (4), Paal Øyvin Frøyen (2), Edvin Förde og Øyvind Grindheim. I finalen møtte Svelgen Åheim. Svelgen var det klart beste laget, men klarte ikkje å score mål. Dermed var det klart for straffesparkkonkurranse, og denne vann Svelgen 3–1 etter at Bjørn Bremnes, Jørn Dyrstad og Jan Ove Grindheim sette straffene i mål.

1989

Espen Sortevik vart vald til leiar i Fotballgruppa. Gruppa prøvde å gjennomføre organisasjonsforma som styret året før var bygd opp etter, men dette vart vanskeleg då to mann var bortreist i periodar pga. arbeid. Spela, som var plasserte på Hilbert's Gatekjøkken, gav god avkastning, og i tillegg hadde ein inntekter på dugnad og Svelgen Tips. Ein hadde også dette året 8 lag med i seriespelet til Fotballkrinsen. Salsvogna som Hilbert's tidlegare nytta som gatekjøkken, var no plassert på Svelgen stadion og vart nytta som kiosk for Fotballgruppa. Dei første åra fekk Fotballgruppa låne denne gratis, før dei etter nokre år kjøpte denne for ein billeg penge.

Hilde Jenssen vart første kvinnelege fotballdommar i STIF då ho gjennomførde aspirantdommarkurset. Jenssen vart oppsett i terminlista til å dømme ein del av Svelgen sine heimekampar både i småjente-, smågute-, jente- og guteklassen. Då også Jan Ove Grindheim hadde vorte utdanna aspirantdommar, og ein i tillegg hadde Espen Sortevik som krinsdommar, var ein dette året betre dekka med dommarar.

Hans Fotland og Kennet Hessvik var trenarar for smågute-laget som vann serien på våren etter 5 sigrar på 6 kampar, og



Gutelaget på Norway Cup i 1989, bak f.v. Per Åge Bueie (reiseleiari), Trond Hatleset (trenar), Ronny Ytrehus, Frank Ommedal, Øyvind Grindheim (trenar) og Roy Os (bussjåfør). Midten f.v. Frank Hatleset, Erlend Eidsvik, Tommy Sørensen, Kjell Åge Bueie og André Hatleset. Framme f.v. Tom Sølve Myklebust, Sigbjørn Hjortland, Ingmar Vårdal, Torbjørn Olderheim og Ronald Førde.

var då kvalifisert for spel i ein av dei to 1. divisjonsavdelingane. I pinsa deltok laget på Sunnmørs Cup. I 1. divisjon vart det problem då bl.a. laget sin beste spelar Ronald Førde vart skada, og ein måtte bruke fleire lilleputtspelarar. Det vart 8 strake tap og ein målskilnad på 13–70, men likevel beheldt gutane smilet og glimtet i auga. Dette var siste året på 1900-talet at STIF greidde å stille 11`arlag i småguteklassen. Lilleputtlaget, med Audun Langedal som trenar, deltok både i serien og i Sunnmørs Cup i lag med jentelaget, som vart trena av Hege-Iren Myklebust og Kari-Ann Førde. Gutelaget, som vart trena av Trond Hatleset og Øyvind Grindheim, enda på siste plass i serien på våren. Laget deltok i Norway Cup og fekk her berre spele to kamper då eit av laga i pulja ikkje stilte til siste kampen. Laget tapte begge kampane. På hausten gjekk det mykje betre i 2. divisjon, og laget vann dei 5 første kampane, medan den siste kampen mot Haugen enda med tap. Her stilte laget med berre 10 spelarar. 3 av laga i serien enda på 12 poeng,

Svelgen hadde best målskilnad, og trudde dei hadde vunne serien. Men det viste seg at det var innbyrdes oppgjer som talde, og då vart Svelgen nr. 2.

Trond Hatleset spelte 5 krinslagskamper for U-16 gutekrinslaget. Han vart dermed ståande bokført med 12 krinslagskamper, som var det meste ein fotballspelar frå STIF kunne vise til på 1900-talet. Hatleset var og kaptein på gutekrinslaget dette året og blant spelarane på laget som han var dirigent for, var bl.a. Tore André Flo frå Stryn. Det var her vanskeleg å sjå at dette ein gong skulle bli ein spelar som i periodar gjorde det svært godt i internasjonal fotball. Kjell Åge Bueie klarte ferdighetsmerket si vanskelegaste grad, Gullmerket.

19 år gamle Paal Øyvin Frøyen reiste i oktober 1988 på ein 5 månader lang fotballskule til Alcudia på Mallorca. Han avslutta allmennfag etter to års utdanning og var dermed ikkje sikra å kome inn igjen på 3. og siste året. Han reiste i lag med kameraten Anders Austrheim, som tidlegare hadde budd i

Svelgen, og fekk 5000 kr i idrettsstipend frå Sparebanken Flora-Bremanger. Fotballskulen vart drive av nordmenn og under opphaldet vart det trenta, spelt kamper, og det var også fotballteori. Frøyen tok mellom anna B-trenarkurs i fotball under opphaldet. Han kom heim att i mars dette året, fekk plass på siste året på vidaregående og også plass på A-laget til Svelgen. Dette året oppretta Fotballkrinsen ein ungdomsserie i staden for den tradisjonelle reservelagsserien. Her var det diverse reglar for kven som kunne delta, men for Svelgen sin del betyddde det at halve A-laget og guttelaget deltok på dette laget. Svelgen gjorde det godt i denne serien og vart nummer 4, berre 2 poeng bak nr. 2. Dette U-laget til STIF deltok i vinterserien som Stårheim IL arrangerte på grusbana si på denne tida. I ein av kampane i denne serien møtte dei A-laget til Tornado og tapte heile 0–20. Dette var ved inngangen til år 2000 det største tapet eit seniorlag frå STIF hadde gått på.

A-laget, med Roald Førde som trenar, låg på 3. plass i 5. divisjon ved halvspela serie, med 5 poeng opp til opprykksplass. På hausten reiste Roald Førde vekk for å studere, og Øyvind Grindheim overtok som trenar. Oppmøtet på treningane på hausten var ofte nede i 4–5 spelarar, og dette straffa seg utover sesongen. Laget tapte 6 av dei 9 siste kampane og enda til slutt på ein 6. plass med 15 poeng opp på opprykksplass. Dette var den därlegaste plasseringa Svelgen hadde hatt i 5. divisjon sidan laget rykte opp føre 1977-sesongen. Edvin Førde vart denne sesongen toppscorar for A-laget med 29 mål. 24 av desse måla vart scora i serien, og dette var ved inngangen til år 2000 det største antal seriemål nokon A-lagsspelar scora på ein sesong for STIF. På 5 sesongar på A-laget hadde han til denne tid, i ein alder av berre 21 år, scora heile 129 mål. Førde reiste etter denne sesongen til Florø SK. Han var i 1988 inne i Sogndal og trenta med eliteserielaget der i ei vekes tid. Føre denne sesongen hadde han tilbod om plass i A-stallen til Sogndal, men då sogndølene ikkje klarte å skaffe Førde lærlingkontrakt som elektrikar, vart ikkje dette noko av. Førde var på denne tida elektrikarlærling på Smelteverket. Han hadde også tilbod frå Namsos i nest høgste divisjon og frå Stryn i divisjonen under.

1990

Nyvald leiar i Fotballgruppa var Vidar Sørensen. Ein hadde no så vidt byrja å merke nedgangen i barnekulla ved at det for første gong sidan 1970 ikkje var påmeldt smågutelag i serien. Det vart dette året meldt på følgjande 6 lag i seriane: lilleputt-, småjente-, gute-, Old Boys-, B- og A-lag. Bussen til Fotballgruppa hadde vorte svært dyr i drift etter store utgifter med overhaling av gearkasse og bremser, pluss ein del mindre utlegg. Dessutan hadde det vorte vanskelegare for kvart år å skaffe sjåførar til bussen. Styret vurderte difor denne sesongen å selje bussen, men dette vart ikkje gjort dette året. Fotballgruppa tok på seg å rive ei kraftlinje som gjekk frå Svelgvatn mot Ivervatn, med avgreining til Knekkevatn. Linja hadde om lag 50 stolpar, og betalinga var 410 kr pr. stolpe. I tillegg fekk Fotballgruppa overta stolpar og kopar mot at dette vart trans-

portert vekk. Det var A-laget som i hovudsak stod for denne jobben. Det meste av denne jobben vart gjort dette året, men ein del restarbeid vart utført seinare.

Leo Cirotzki gjennomførte denne sesongen både B-trenarkurs med eksamen og aspirantdommarkurset.

Lilleputtlaget, med Stein Øren som trenar, deltok både i serien og i Vardal Cup på Gjøvik. Laget spelte seg heilt fram til finalen i B-sluttspelen på Vardal Cup. Her vart det eit knipent 2–3 tap for Snertingdal. Smågutelaget under leiing av trenar Hans Fotland deltok ikkje i serien, men deltok i Vardal Cup. Laget vann her pulja si etter 2 sigrar og 2 uavgjort, før dei tapte kvartfinalen. Leo Cirotzki var trenar for småjentelaget, som denne sesongen stod for ei historisk bragd. Laget starta treningane på seinhausten året før med to treningar i veka der det møtte opp 15–16 treningsvillige jenter. Laget trena i lag med jentespelarane som ikkje var påmeldte til seriespelet. Laget hadde vorte forsterka av Mariann Sigdestad og Marit Renate Midthjell frå Ålfoten, som begge hadde spelt for lilleputtlaget i Ålfoten året før. «*Det vart ein del knurring om plassane på laget og slike når desse kom, men dette gjekk fort over og det vart etterkvart betre innsats på trening og kamper*», skrev trenar Cirotzki i årsmeldinga. I innandørs-KM, som var ei nyvinning dette året for alle klassar, vart småjentelaget nr. 2 etter å ha tapt finalen mot Loen. Det må leggast til at i innleiande runde slo Svelgen Loen to gongar.

I serien vart laget ein suveren vinnar etter at dei vann 11 og berre tapte ein kamp. Målskilnaden var 60–9. Denne sesongen var første året småjenteseriane vart avvikla med spel på halve baner med 7 spelarar på vart lag. I tillegg til Svelgen vann også Tambarskjelvar og Sogndal seriane sine, og vart med det sone-meistrar for høvesvis Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Laga var no klare for 3 innbyrdes kamper om krinsmeisterskapstittelen. I første kampen møttest Svelgen og Tambarskjelvar i Svelgen. Det byrja därleg for Svelgen då Tambarskjelvar tok leiinga 2–0. Svelgen reduserte til 1–2 som var pauseresultatet. I 2. omgang skjerpa jentene seg, scora 4 strake mål og vann 5–2. Målscorarar var Monica Larsen (2), Marit Renate Midthjell (2) og Therese Fanøy. Føre siste kampen borte mot Sogndal var det klart at dette ville bli ein rein krinsfinale etter at Sogndal hadde slege Tambarskjelvar 5–0. Dette betyddde at Sogndal ville greie seg med uavgjort. STIF reiste innover til Sogndal alt fredagskvelden for å vere godt førebudd til kampen. Denne viktige kampen vart spelt laurdag 13. oktober. Etter ein famlande start fekk laget kontroll over kampen, og i løpet av 1. omgang scora Vivi Rørvik eit mål før ho la opp til det andre, som Monica Larsen scora. Pauseresultatet var 2–0 til Svelgen. Svelgen fortsatte det gode spelet i 2. omgang og vann til slutt heile 5–1 etter at Monica Larsen scora eit ekte «hat-trick».

Dette var første og einaste gong i historia at eit aldersbestemt lag frå STIF vart krinsmeistrar i utandørs-fotball. Etter kampslutt var det premieutdeling, og det var formannen i Sogn og Fjordane Fotballkrins, Olav Kjos Wenjum, som overrekte den store pokalen til dei stolte krinsmeistrane frå Svelgen. Noko enkelt krinsmeisterskap kan ingen kalle dette,



Småjentene til STIF vart i 1990 dei einaste krinsmeistrane STIF fekk i aldersbestemt fotball på 1900-talet. Her er dei fotografert på Norway Cup. Bak f.v. Leo Cirotzki (trenar), Svenn Os (bussjåfør), Therese Fanøy, Cecilie Øvrebotten, Astrid Johanne Vårdal, Monica Myklebust (reiseleiar) og Hege Iren Myklebust (reiseleiar). Midten f.v. Siv Ryland, Renate Fossheim, Trude Hessvik, Vivi Rørvik, Monica Larsen og Kine Sørensen. Framme f.v. Harda Furset, Heidi Kjøsnes, Monica Didriksen (var for gammal til å delta i serien og KM, men hadde dispensasjon til å delta på Norway Cup), Mariann Sigdestad, Vibeke Vårdal og Marit Renate Midthjell. Tre av spelarane som vart krinsmeistrar mangla på Norway Cup, desse var: Silje Myren, Janne Øksnes og Anne Hollekim.

for det deltok til saman 23 småjentelag i dei 3 seriane som vart avvikla dette året. Når laget kom heim igjen til Svelgen, var det møtt opp mykje folk for å ta i mot dei glade jentene. Etter velkomsten bar det rett på Svelgen Hotell der jentene vart servert pizza og brus. I samband med denne fotballhistoriske hendinga skreiv ein av beundrarane av laget, Asbjørn Midttun, eit dikt til laget:

*Til Sogndal dei drog, i oktober ein dag
han Leo, med Svelgen sitt småjentelag.
Mange heime venta på tap,
men dei kom heim med kretsmeisterskap.*

*Sogndal er gode, dei rekna med fest,
men gjentene våre, dei var nok best.
Og publikum trudde at gjentene tulla,
når ball etter ball i målet dei rulla.*

*Dei dribla og takla
så motstandaren vakla.
Og formann i kretsen, han sa det i talen,
at gjentene våre fortente pokalen.*

*Ja kvar ei gjente på dette lag
som ordna for Svelgen, ein jubeldag.
Tenk tilbake på det som de gjorde,
og hald i saman, då vert de store.*

Dette gode småjentelaget deltok også i Norway Cup dette året som dei yngste fra STIF som nokon gong har delteke på denne turneringa. Laget spelte 7'ar fotball på halv bane heime i serien, men skulle no plutselig spele fotball på stor bane med 11 spelarar på laget. Difor hadde dei som mål at dei skulle bli nr. 3 i pulja, for dermed å få lov å spele B-sluttspillet. Laget overgjekk dette målet og greidde med eit måls margin å kvalifisere

seg til A-sluttspillet. I 32. delsfinalen møtte Svelgen Liungen som var eit betre lag, og som sende Svelgen ut av turneringa.

I november dette året deltok 8 spelarar frå STIF på eit nyinnført spelarutviklingsprosjekt i Florø i regi av Sogn og Fjordane fotballkrins. Ansvarleg for prosjektet var den tidlegare Svelgen-spelaren, trenaren og leiaren Terje Førde. Følgjande frå STIF deltok: Monica Didriksen, Monica Larsen, Therese Fanøy, Marit Renate Midthjell, Mariann Sigdestad, Frank Hatleset, Ronald Førde og Kjell Morten Langedal. Monica Larsen vart toppscorar for småjentelaget med 34 mål på 29 kampar. Dette var første gongen ei jente scora over 30 mål på ein sesong.

Frank Midtbø var denne sesongen trenar for A-laget, som føre denne sesongen hadde mista mange av dei betre spelarane. Edvin Førde og Jan Ove Grindheim hadde gått til Florø SK, Kennet Hessvik til Eikefjord, Asbjørn Svarstad hadde lagt opp, og den beste spelaren i 1989, Arild Kjetså, hadde reist frå bygda etter eit år som turnuskandidat. Øyvind Grindheim var hjelpetrenar. Laget starta sesongen bra, og etter 4 kampar hadde ein 2 sigrar, 1 uavgjort og 1 tap. Men på dei siste 7 kampane før ferien vart det 1 siger, 1 uavgjort og 5 tap, og laget låg 3. sist med 8 poeng. Etter ferien gjekk det ikkje betre, og på dei 11 kampane vart det ingen sigrar, 2 uavgjort og 9 tap. Dei 7 siste kampane enda med 7 strake tap. Dermed vart det siste plass på tabellen og nedrykk. For første gong sidan 1976 skulle Svelgen spele i det som til denne tid hadde vorte kalla 6. divisjon. Trenar Frank Midtbø hadde ein svært vanskeleg jobb dette året. Ikkje berre hadde laget mista mange gode spelarar, i tillegg hadde mange av dei som var igjen därlege haldningar. I ein heimekamp mot Hornindal, spela i Ålfoten, scora Svelgen sin vanlegvis så sikre venstreback, Torgeir Vårdal, sjølvmål etter berre 25 sekundars spel i 1. omgang. Dette var nok eit av dei raskaste sjølvmåla som nokon gong har vore laga i ein fotballkamp. Det høyrer med til historia at målet vart scora på Torgeir sin veslebror, 16-åringen Ingmar Vårdal. Sjølvmålet, som var meint som eit tilbakespel, kom frå om lag 30 meter og vart sendt over ein sjanselaus keeper.

Ei anna storhending dette året var besøket som Rosenborg (RBK) hadde i Svelgen. Dette kom i stand av den grunn at Elkem, som eigde Smelteverket, var hovudsponsoren for RBK i desse åra. I samband med besøket vart det spelt ein treningskamp mellom RBK og Sogndal i Svelgen. RBK hadde dette året vunne både 1. divisjon (Eliteserien) og NM-cupen, medan Sogndal hadde vunne 2. divisjon og var klare for opprykk til Eliteserien 1991. I tillegg til denne kampen var det fleire arrangement denne helga. Det heile byrja fredag 27. oktober om kvelden då RBK-spelarane Trond Sollied (seinare trenar for Bodø-Glimt, Rosenborg og belgiske klubbar) og Knut Torbjørn Eggen (seinare trenar for Ålesund, Moss og Fredrikstad) leia treninga til Svelgen sitt A-lag. I tillegg var RBK-spelarane Roar Strand (VM-spelar i 1994 og 1998), Kåre Ingebrigtsen (også landslagsspeler), Ivar Selnæs og Leif Nordli med på treninga som spelarar. Det var fleire tilskodarar på denne treninga enn det hadde vore på seriekampane til A-laget på mange år.



Lilleputtlaget i 1990 i lag med tre Rosenborg-spelarar. Bak f.v. Espen Øren, Ivar Selnæs (RBK), André Vistnes, Leif Nordli (RBK), Bjarte Trædal og Frode Kjerpeseth. Framme f.v. Svein Arne Kjempenes, Torleif Frimannslund, Kåre Ingebrigtsen (RBK), Steinar Loftheim, Geir Myklebust, Svenn Runar Myklebust og Jan Åge Rosvoll.

Eit par av A-lagsspelarane til STIF fekk også høve til å skrive sine første (og siste) autografer under denne treninga, då nokre yngre autografjegerar tok feil av RBK-stjernene og Svelgen-spelarar. Laurdag formiddag vart det arrangert trenarseminar med den ikkje ukjende RBK-trenaren, Nils Arne Eggen, som foredragshaldar. Her deltok det 35 trenarar frå heile fylket, og av desse var 9 frå Svelgen. Seminaret fekk veldig god kritikk av deltakarane.

Laurdag formiddag fekk også dei yngre laga til STIF gjere seg kjende med heltane frå Rosenborg. Lilleputtlaget hadde Kåre Ingebrigtsen og Leif Nordli som trenrarar, og det vart ei minnerik trening for desse unggutane. Spesielt Kåre Ingebrigtsen, som nettopp var teken ut på A-landslaget for første gong, var populær og underheldt med godt humør og påfunn. Reservekeeperen på Rosenborg, Ivar Selnæs, tok seg av keepertreninga for Svelgen sine håpfulle keeperar som var: Torleif Frimannslund (lilleputt), Trude Hessvik (småjenter), Kjell Morten Langedal (smågute- og gutelag), Monica Didriksen (jenter) og Ingmar Vårdal (gute- og A-lag). Knut Torbjørn Eggen og Roar Strand var populære trenarar for småjentelaget, og Trond Sollied leia smågute- og gutelagstreningsa. Dette var heilt sikkert den treninga desse spelarane hugsar best frå fotballkarriera si.

Resten av Rosenborg-laget kom med fly til Florø laurdag formiddag og vart henta med buss til Svelgen. Det vart lagt ned mykje arbeid av Fotballgruppa i forkant av kampen med bl.a.



Dommartrioen i kampen Sogndal–Rosenborg på Svelgen stadion i 1990. F.v. Espen Sortevik, Jan Magne Endestad (Eikefjord IL) og Leo Cirotzki.



Ein del av RBK-spelarane får instruksjonar av trenar Nils Arne Eggen i pauza på Svelgen stadion. Frå venstre ser ein Roar Strand, Trond Sollied, Harald Martin Brattbakk (nærast), Gøran Sørloth (delvis skjult), Nils Arne Eggen, Leif Nordli (nr. 2) og Stig Enlid (nr. 8).

planlegging av vakthald, kiosksal og omdirigering av trafikken. Dag Lindebjerg frå NRK var leid inn som speaker på kampen, og Jan Magne Endestad frå Eikefjord dømde kampen. Medan Espen Sortevik og 20-åringen Leo Cirotzki fekk det ærefulle oppdraget med å vere linjemenn. Om lag 1800 tilskodarar omkransa Svelgen stadion. Dette talet vil truleg for alltid stå som tilskodarrekord på Svelgen stadion. Det vart parkert lastebilar på sjøsida slik at flest mogeleg skulle få sjå kampen ordentleg,

og for første gong sidan 1983 skulle svelgarane få sjå sin eigen storspelar Arild Førde i kamp på heimebane, då han var blant dei 11 som starta kampen for Sogndal. Rett før kampstart stilte dei to laga opp til presentasjon midt på bana, og spelarane på begge laga fekk utdelt eit minne frå Svelgen.

Rosenborg stilte med følgjande tropp til kampen: Frode Olsen, Ivar Selnæs, Runar Berg, Gøran Sørloth, Roar Strand, Hugo Hansen, Kåre Ingebrigtsen, Øyvind Husby, Sverre

1991

Det vart føre sesongen 1991 innført eit nytt seriesystem for senior herrelag. Det som tidlegare vart kalla 1. divisjon og som var øvste divisjon, vart omdøypt til Eliteserien. Det betydde at 2. divisjon vart kalla 1. divisjon. Det betydder dermed og at 5. divisjon som Svelgen rykte ned frå, vart kalla 4. divisjon, og at Svelgen også dette året skulle spele i 5. divisjon. Det same vart gjennomført for seriesystemet for senior damelag føre sesongen 1997.

Vidar Sørensen tok attval som leiar i Fotballgruppa. No hadde ein 7 påmøde lag i seriane etter at smågute- og jente-laget hadde kome til, medan B-laget hadde falle frå. Brem-sene på bussen hadde igjen svikta, og styret i Fotballgruppa bestemte seg for at ein skulle avskilte bussen og forsøke å selje han. Dette året hadde Fotballgruppa inntekter på 185 000 kr, medan utgiftene var på 303 000 kr, altså eit underskot på om lag 118 000 kr.

Dette året avla Inge Hessvik, Frank Ommedal og Torgeir Vårdal eksamen som B-trenarar i fotball. For første gong deltok Svelgen i Fotballkrinsen sine miniputturneringar. I 1983–85 hadde Svelgen og miniputtlag, men den gong var det Fotballgruppa i STIF som arrangerte seriane som bestod av grenda-lag. Det var Ragnar Kjønes som var trenar for dei om lag 20 spelarane som møtte til trening. Treningane starta med leik og moro, medan ein seinare gjekk over til trening med ball. Til Veslefrikk Turneringa, som vart arrangert i Florahallen, deltok Svelgen med to lag. Det vart arrangert 4 utandørsturneringar der Svelgen deltok med to lag i kvar. I slutten av august vart det arrangert turnering i Svelgen. 140 spelarar, fordelt på 14 lag, frå klubbane Bremanger, Eikefjord, Tambarskjelvar, Jølster, Florø og Svelgen deltok. Det var eit yrande liv i det fine været med mange tilreisande familiemedlemar, og Fotballgruppa i STIF hadde skapt ei fin ramme om arrangementet.

Gutelaget, med trenarane Frank Ommedal og Hans Fotland, var før sesongen usikre på om ein skulle melde på 11'arlag eller 7'arlag, då ein hadde berre 11 spelarar som heldt gutelagsalder. Men etter ein diskusjon med spelarar og styret i Fotballgruppa kom ein fram til at ein skulle melde på 11'arlag og låne smågutespelarar. Når så serien kom i gong, vart resul-tata over alle forventingar, laget vann 2. divisjon og kvalifiserte seg for 1. divisjon. Laget deltok og i Norway Cup, men tapte her alle innleidane kampane og vart utslått. Når haustsesongen kom, viste det seg at det vart tøft i 1. divisjon og laget vann 1 kamp, spelte 1 uavgjort og tapte 6 kamper. Men laget hadde gjort ein god sesong og tok tapa med godt humør. I Vardal Cup på Gjøvik var Svelgen representerte med lilleputtlaget, som vart trent av Torgeir Vårdal, og smågutelaget, med Jan Eirik Strømmen som trenar. Smågutelaget vart nummer 2 i si pulje og gjekk vidare til B-sluttspillet. Her spelte dei seg heilt fram til finalen, der dei tapte 0–2 for Snertingdal. Dette var elles same laget som slo dei same spelarane på STIF sitt lilleputtlag i den same finalen i 1990.

«Smågentene», som vart krinsmeistrar året før, var no komne opp på jentelaget og vart trent av Inge Hessvik og Hilde Jens-



Landslagsspissen Gørjan Sørloth var den mest populære spelaren blant unge og eldre på Svelgen stadion. Sørloth rakk å score 4 mål før han vart byta ut.

Brandhaug, Knut Torbjørn Eggen, Trond Henriksen, Trond Sollied, Bjørn Otto Bragstad, Leif Nordli og Harald Martin Brattbakk. Av dei etablerte spelarane på laget mangla Jahn Ivar «Mini» Jacobsen, Ørjan Berg, Ola By Rise og Karl Petter Løken. Sogndal stilte med følgjande tropp: Kåre Jan Mjellelid, Oddgeir Hov, Asle Hillestad, Morten Wigum, Stig Nord, Arild Førde, Frode Birkeland, Hallvard Skrede, Håvard Flo, Trond Fylling, Lasse Opseth, Helge Øvreberg, Vidar Aasen, Brede Skorve, Steinar Hopen, Tore Evensen, Ove Lillestøl og Stein Holsvik.

Avspark var kl. 15.00, og kampen var ganske jamn første 20 minuttane, men i det 22. og 23. minutt scora Gørjan Sørloth to kjappe mål. I det 25. minutt reduserte unggenen Håvard Flo for Sogndal. Flo, som hadde spelt for Stryn denne sesongen, prøvespelte for Sogndal i denne kampen, og gjorde sine saker så godt i denne kampen at han vart tilbydd kontrakt og spelte for Sogndal i Eliteserien året etterpå. Men 3. min etter scora Sørloth sitt og Rosenborg sitt 3. mål. Rosenborg scora to mål til før pause og leia då 5–1. Målscorar ved dei to siste måla var Kåre Ingebrigtsen. Det var no slutt på spenninga i kampen, og i 2. omgang vart det ein vegskøyring mot målet til Sogndal. Harald Martin Brattbakk scora to mål, medan Gørjan Sørloth scora sitt 4. mål for dagen. Då landslagsspelaren Sørloth vart bytta ut ei stund før slutt, vart han omringa av eit hundretalls autografjegerar som følgde han som eit 17. maitog heilt fram til Svelgen Hotell. Dette var og første gong den tynne og hengslete unggenen Harald Martin Brattbakk gjorde seg bemerkja på RBK. Han vart seinare toppscorar i Eliteserien 3 år på rad og scora mange viktige mål for RBK i Champions League. Denne Rosenborg- helga gav Fotballgruppa 47 740 kr i overskot. Billettinntektene var på 50 000 kr, kiosksalet gav 8585 kr i inntekter og trenarseminaret gav 9900 kr i inntekter. Av utgiftene betalte Elkem 58 500 kr, medan Fotballgruppa betalte 21 500 kr.



Delar av miniputtgjengen til STIF i 1991 fotografert på Veslefrikk Turneringa i Florø. Bak f.v. Kjetil Løvold, Hege Øren, Terje Fløtre, Kenneth Kjøsnes, Thomas Brekke og Torbjørn Didriksen. Framme f.v. Camilla Gulhaugen, Oddmund Hegnes, Dagfinn Mundal, Veronika Ommedal og Thomas Synnevåg.

sen, og også av Leo Cirotzki når han var heime fra militæret. Laget byrja sesongen ved å bli krinsmeister i innandørsfotball, og det var igjen Sogndal som måtte sjå seg slått i finalen. Dette var ein sterk prestasjon, men kan ikkje samanliknast med det å vinne krinsmesterskapen utandørs. Men då graset vart grønt og dei skulle byrje å spele fotball på stor bane, gjekk det ikkje så bra med dei sigersvande jentene. Ved halvspela serie hadde laget 1 uavgjort og heile 7 tap, bl.a. med siffer som 0–9, 1–7 og 3–7. Laget deltok også i Norway Cup der dei gjorde ein god innsats. Laget vann den innleiande pulja si etter 3 sigrar og spelte seg fram til 16. delsfinalen der dei møtte Øygard. Her vart det tap 0–3, men jentene skal ikkje skjemmast for det, for seinare vann Øygard heile Norway Cup.

Heime igjen starta serien dårleg med 3 tap på høvesvis 2–8, 0–6 og 0–2. Laget var og påmeldt til BT-Cup, som var ein fylkescup for jente- og gutelag sponsa av Bergens Tidende. I 1. runde møtte laget Florø i Svelgen, og faktisk så vann dei no sin første kamp utandørs i heimfylket denne dagen. Resultatet vart 1–0. I neste kamp i BT-cupen, vann dei 4–2 borte mot Førde, og var med det klare for semifinalen. I serien gjekk det no betre, og på dei 5 siste kampane vann laget 3, spelte ein uavgjort og tapte ein. Laget vart likevel sist på tabellen. I semifinalen i BT-Cup møtte laget Syril på bortebane, og ved full tid og

etter ekstraomgangar stod det framleis 0–0, og ein gjorde seg klare til straffesparkkonkurranse. Her var Svelgen best og vann 3–1 etter at Monica Didriksen hadde redda to straffer. Laget var igjen klar for ein finale, og etter ein gong var det Sogndal som var motstandar. For 3. gong på eit år møttest dei to laga til ein avgjerande finale. Men i mellomtida hadde Svelgen sitt jentelag vorte sist i serien sin, medan Sogndal hadde vunne sin serie og vart deretter krinsmeister for jentelag utandørs. Så på papiret var dette David mot Goliat.

Finalen gjekk i Florø 1. september, og Sogndal starta best. Laget hadde ballen mest, men klarte ikkje å spele seg til store sjansar mot eit godt Svelgen-forsvar leia av Mariann Sigdestad og Therese Fanøy. Og aller bakerst stod Monica Didriksen sikkert i målet. På midtbana briljerte vesle Marit Renate Midthjell, som framleis heldt småjentealderen, mot storvokste Sogndal-jenter med fin teknikk, godt overblikk og løpsstyrke. Om ikkje Sogndal skapte sjansar, gjorde til gjengjeld Svelgen det etterkvart. Etter 7. minutt sleit Monica Larsen seg laus frå midtstopparane til Sogndal, mottok eit framspel frå Marit Renate Midthjell og gjorde 1–0 på ein flott lobb over keeperen. Monica Larsen gjorde 2–0 på eit frispark frå 20 meters hald og dette vart og pauseresultatet. 7. minutt før slutt finta Marit Renate Midthjell vekk eit par sognejenter og slo ein perfekt